



Årsmelding 2023



SpareBank
LOM OG SKJÅK



#fjellbanken



#fjellbanken



Innhold

Banksjefen har ordet	side	6
Strategiplan 2023–2025	side	8
Økonomiske utviklingstrekk 2023	side	8
Sparebankane i Noreg	side	9
Bedriftsmarknaden i 2023	side	10
Personkundemarknaden 2023	side	14
Samfunnsengasjement	side	15
Samfunnsrekneskap	side	19
SpareBank 1 Gruppen og banksamarbeidet	side	24
EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS	side	26
SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS	side	26
SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS	side	26
SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond	side	26
Varde Investeringslaug AS	side	26
Nøkkeltal	side	27
Årsmelding frå styret	side	28
Generelt	side	28
Eigarstyring og selskapsleiing	side	28
Godtgjering og godtgjeringsutval	side	28
Rekneskapen	side	29
Revisor	side	32
Intern kontroll og risikostyring	side	32
Arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot	side	35
Personvern	side	36
Informasjonstryggleik	side	36
Berekraft	side	37
Tilsette	side	38
Openheitslova	side	41
Det ytre miljøet	side	42
Berekraftarbeid i innkjøp i alliansen	side	44
Energi- og klimarekneskap 2023	side	44
Framtida	side	50
Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette	side	50
Resultat	side	51
Balanse	side	52
Kontantstrøm	side	53
Egenkapital	side	54

NOTE 1	GENERELL INFORMASJON	side	56
NOTE 2	VESENTLIGE REGNSKAPSPRINSIPPER	side	56
NOTE 3	KRITISKE ESTIMATER OG VURDERINGER VEDRØRENDE BRUK AV REGNSKAPSPRINSIPPER	side	64
NOTE 4	SEGMENTINFORMASJON	side	65
NOTE 5	KAPITALDEKNING	side	66
NOTE 6	FINANSIELL RISIKOSTYRING	side	67
NOTE 7	INNSKUDD OG UTLÅN	side	70
NOTE 8	OVERFØRING AV UTLÅN TIL KREDITTFORETAK	side	71
NOTE 9	ALDERSFORDELING PÅ FORFALTE, MEN IKKE NEDSKREVET UTLÅN	side	72
NOTE 10	TAP PÅ UTLÅN, GARANTIER	side	72
NOTE 11	MAKS KREDITTRISIKOEKSPONERING, IKKE HENSYNTATT PANTSTILLELSER	side	78
NOTE 12	KREDITTKVALITET PR. KLASSE AV FINANSIELLE EIENDELER	side	79
NOTE 13	MARKEDSRISIKO KNYTTET TIL RENTERISIKO	side	79
NOTE 14	LIKVIDITETSRISIKO / GJENVÆRENDE KONTRAKTSMESSIG LØPETID PÅ FORPLIKTELSER	side	80
NOTE 15	FORFALLSANALYSE AV EIENDELER OG FORPLIKTELSER	side	80
NOTE 16	NETTO PROVISJONSINNTEKTER	side	81
NOTE 17	NETTO VERDIENDRING OG GEVINST/TAP PÅ VALUTA OG FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	81
NOTE 18	PERSONALKOSTNADER OG YTELSE TIL LEDENDE ANSATTE OG TILLITSVALGTE	side	81
NOTE 19	ANDRE DRIFTSKOSTNADER	side	84
NOTE 20	PENSJONER	side	85
NOTE 21	SKATT	side	86
NOTE 22	KLASSIFIKASJON AV FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	87
NOTE 23	VURDERING AV VIRKELIG VERDI PÅ FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	87
NOTE 24	VIRKELIG VERDI AV FINANSIELLE INSTRUMENTER VURDERT TIL AMORTISERT KOST ELLER KOSTPRIS	side	89
NOTE 25	SERTIFIKATER, OBLIGASJONER OG RENTEFOND FORDELT PÅ UTSTEDERSEKTOR	side	89
NOTE 26	FINANSIELLE DERIVATER	side	90
NOTE 27	AKSJER, ANDELER OG ANDRE EGENKAPITALINTERESSER	side	91
NOTE 28	VARIGE DRIFTSMIDLER	side	92
NOTE 29	LEIEAVTALER	side	92
NOTE 30	ANDRE EIENDELER	side	93
NOTE 31	GJELD VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER	side	93
NOTE 32	ANNEN GJELD	side	94
NOTE 33	AVSETNINGER	side	94
NOTE 34	GARANTIANSVAR	side	94
NOTE 35	INVESTERINGER I EIERINTERESSER	side	94
NOTE 36	VESENTLIGE TRANSAKSJONER MED NÆRSTÅENDE PARTER	side	95
NOTE 37	HENDELSER ETTER BALANSEDAGEN	side	95
	Erklæring frå styret	side	96
	Revisors beretning	side	98
	Generalforsamling og tillitsvalde pr. 31.12.2023	side	104
	Historisk rekneskap	side	106

Banksjefen har ordet



Vi i SpareBank 1 Lom og Skjåk har lagt bak oss eit svært aktivt jubileumsår i 2023. Gjennom heile året har vi feira vårt 150-års jubileum, med ulike arrangement både for unge og vaksne. 150 år er lang tid, og dette ville vi markere på ein god måte, noko vi meiner at vi har lykkast med.

Banken vart stifta 27. mai 1873, og opna 2. januar 1874. Det var store og mange diskusjonar i Lom prestegjeld om etablering av bank i bygda. Det vart mange runder og mange komitémøte før eit felles kommunestyremøte i Lom og Skjåk 29. mai 1869 vedtok etablering av bank.

Lom og Skjåk Sparebank flytte inn i eige hus i Presthaugen rett før nyttår i 1937, og dette bygget hadde ein totalkostnad på kr 57 000,-. Frå 1937 var det kontordag i Lom kvar laurdag og i Skjåk kvar fredag. Dagleg ekspedisjonstid vart det frå 1. februar 1947.

SpareBank 1 Lom og Skjåk tok i bruk ein Volvo PV, ei campingvogn og etter kvart bankbuss, for å tilby tenester rundt om i kommunane. Kontorlokala i Midtgard vart ferdigstilt i 1974, til ein totalkostnad på kr 3 500 000,-.

Den første tilsette i SpareBank 1 Lom og Skjåk var konstituert kasserar Syver O. Hørven, som starta i banken 18. desember 1873. Tidlegare banksjefar er Sigurd Austin (1939–1977), Lars Kvalheim (1977–2003) og Arne Henning Falkenhaus (2003–2016).

Det er i dag 88 sparebankar i Noreg. Vi er rundt nr. 40 i storleik. SpareBank 1 Alliansen vart stifta i 1996, og SpareBank 1 Lom og Skjåk gjekk inn i alliansen i 1998. Vi er svært glade for å vera ein del av SpareBank 1-familien, det er viktig å vera ein del av noko større!

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein solid bank, med ein forvaltningskapital på 11,5 mrd. kr, ein egenkapital på 1,3 mrd. kr og solid kapitaldekning. Banken har hatt ei god reise gjennom 150 år, der det er bygd kapital over tid – dette også med bakgrunn i at vi eig kapitalen sjølve og ikkje har eksterne eigarar som skal ha utbytte frå resultatet til banken.

Som sjølvstendig, lokal sparebank tek vi vårt samfunnsansvar, og SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken gjev mykje attende til lokalsamfunnet. Formålet vårt er «Drivkraft for utvikling av lokalsamfunnet». Det skal vera godt å leva og bu i Norddalen. Vi er òg opptekne av å ha eit godt samarbeid med lokalt næringsliv – lokal næringsutvikling er viktig. Det er viktig for Fjellbanken å vera ein god samarbeidspartnar, delta aktivt i ulike nettverk og skape gode arenaer for samarbeid. Vi er aktive i Krafttak for Grøn Vekst og etableringa av eit fond for næringsutvikling i regionen – Varde Investeringslaug. Dette er i samarbeide med SpareBank 1 Gudbrandsdal, Skjåk Energi, Eidefoss og Gudbrandsdal Energi.

Vi meiner at Nord-Gudbrandsdalen fortener sin eigen bank, og det er viktig med lokale sparebankar i distrikta. Vi vil halde fram arbeidet for å skape gode resultat, vera solide og tilfredsstillende dei krava som styresmaktene fastset. Vi er 68 tilsette, og vi er ein stor kompetansesarbeidsplass i Norddalen. Det har vore ei stor utvikling innan bank og finans i dei 150 åra som banken har eksistert, og vi må fortsetja å utvikle oss! Vi må vera gode lokalt og gode i Oslo! Vi skal etterleve verdiane våre: «Nær, solid og livgjevande».

Jubileumsåret har vore eit svært aktivt år for oss i banken. Vi har hatt eit mangfald av ulike arrangement gjennom heile året, og vi har hatt fokus på å ha arrangement med god geografisk spreiding og arrangement for ulike kundar og aldersgrupper.

Totalt har vi delt ut over 11,5 millionar kroner i jubileumsåret. Dette kjem mange til gode i Norddalen.

2023 vart nok eit spesielt år, både for SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken og for alle rundt oss. Dette med bakgrunn i krigssituasjonen i Europa og uroa i verda elles, noko som fører til at vi alle kjenner på at vi lever i ei tid som ikkje er lett pårekneleg. Krig og uro fleire stader i verda verkar inn på vareproduksjon og kostnader, og vi har i 2023 hatt eit år med auka pris på matvarer, straum og drivstoff. Saman med auka rentenivå har dette ført til ein stram økonomisk situasjon både for privatpersonar og bedrifter. Med bakgrunn i ein stram økonomisk situasjon i tida framover må vi òg rekne med at vi går inn i ein periode med fleire konkursar blant dei næringsdrivande.

Vi bidreg med finansiering til lokalt næringsliv, som skapar aktivitet og arbeidsplassar. SpareBank 1 Lom og Skjåk er òg ein stor og attraktiv kompetansesarbeidsplass i Gudbrandsdalen. Vi har mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og ønskjer å forankre ein kultur for berekraftig verksemd, både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar.

Gjennom dei utfordringane vi har hatt dei siste åra har vi vorte særst tilpassingsdyktige og endringsvillige, noko som òg er viktig i bank- og finansbransjen. Fleksibilitet vil vera ein suksess-faktor for oss i tida framover. Ulike bransjar må gjera ulike tilpassingar og endringar i tida framover, og dette vil òg gje nye moglegheiter for oss som bur og verkar i distrikta. Vi samarbeider godt med Skåppå og Innovasjon Norge på dette området.

Gjennom vår kontorstruktur med fem kontor – Skjåk, Lom, Vågå, Dombås og Oslo, ønskjer vi å vera til stades for kundane våre der dei er. Dette løyser vi ved å vera fysisk til stades på desse fem plassane, i tillegg til å ha gode digitale løysingar. Vi ønskjer at kundane våre skal få god rådgjeving og ha gode samtaler med våre tilsette. Samstundes er det òg viktig at dei kan få løyst sine behov digitalt når dette er ønskeleg.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken ønskjer å vera ein moderne, fleksibel og nytenkjande kompetansesarbeidsplass. Dei tilsette er den viktigaste ressursen til banken, og vi har i dag 68 dyktige og engasjerte tilsette, som gjennom engasjement og dagleg innsats dannar grunnlaget for gode resultat og positiv utvikling for banken.

I 2023 delte vi for femte gong ut SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken sine næringsstipend, og vi delte ut talentstipend for sjuande gong. Det er viktig for oss å heie på både aktive næringsaktørar og flinke ungdommar frå Nord-Gudbrandsdalen! Totalt har vi gjennom dei sju åra med talentstipend delt ut kr 2 750 000, – til 129 unge talent mellom 15 og 27 år frå Norddalen.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken legg fram eit årsresultat for 2023 med eit overskot etter tap og skatt på 97,9 mill. kroner. I 2023 hadde banken ein rentenetto på 2,41 %, og provisjonsinntekter på nivå med året før. Banken hadde i 2023 tap på kr 19,3 mill. kroner.

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av 2023 på 11,648 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt. Eigenkapitalen er 1 328,7 mill. kr og utgjør 14,6 %.

Vi er stolte av å ha eit godt resultat i 2023, sjølv om dette året har vore nok eit spesielt år med stor grad av usikkerheit på fleire område. Resultatet er i si heilheit skapt av alle dei tilsette i banken. Utan godt samarbeid og god innsats frå den enkelte hadde dette ikkje vore mogleg. Takk til dykk alle for god innsats i jubileumsåret 2023. Eg har god tru på at vi i Fjellbanklaget skal skape gode resultat og gode kundeopplevingar også i tida framover!

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken vil òg i framtida ha fokus på å oppretthalde ei god drift og skape gode resultat for å kunne vera ein solid lokalbank og ein aktiv samfunnsaktør i Nord-Gudbrandsdalen.

Eg vil òg takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for eit aktivt jubileumsår i 2023 og ønskjer alle eit godt år i 2024.

Vår visjon:

**Lokalbanken din – der du er!
Våre verdier: nær – solid – livgjevande!**

Unni Strand
adm. Banksjef

Strategiplan 2023–2025

Bankens strategiplan vart rullert hausten 2022, og hovudtrekka i strategiplanen for 2020–2023 vart vidareført. Banken sitt overordna mål er å halde fram som ein sjølvstendig lokalbank i SB1-alliansen, der vi gjennom merkevara Fjellbanken byggjer aukande marknadsandel.

Gode resultat og solid eigenkapital er avgjerande for at SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken skal halde fram med å vera ein sjølvstendig lokalbank. Gode resultat skaper vi gjennom vekst og effektiv drift, som også gjev grunnlag for vidare utvikling av banken og gjer det mogleg å stimulere til utvikling i lokalsamfunnet. Vi må ha ein soliditet som gjer at vi kan tole å ta risiko for å kunna bidra med finansiering til lokalt næringsliv, som skaper aktivitet og arbeids-

plassar. I tillegg ønskjer vi å kunne bidra med støtte til lokale aktivitetar, lag og foreiningar, som gjer det godt å bu i Nord-Gudbrandsdalen både for unge og eldre.

Rammevilkåra er i stadig utvikling, og dei regulatoriske krava frå styresmaktene blir stadig strengare. Økonomisk politikk må gjennom lover og forskrifter gje finansnæringa like konkurransevilkår for både liten og stor finansaktør. Gjennom vårt mangfald kan vi skape nødvendig økonomisk vekst rundt om i heile landet. Vi treng breidda i finansmarknaden gjennom store nasjonale aktørar, regionbankar og lokalbankar. Det er særskild viktig for distrikta at vi har lokalbankar fysisk til stades ute i marknaden.

Økonomiske utviklingstrekk 2023

Inngangen til året 2023 var prega av stor usikkerheit. Krigen i Ukraina hadde vart i nesten eitt år med vedvarande energikrise i Europa og straumkrise i Noreg. Stormaktskonflikten mellom USA og Kina vart berre verre, med stadig nye marknader og varer som vart «weaponized» og omfatta av eksportrestriksjonar. Mange land la dramatisk om på sikkerheits-, forsvars- og næringspolitikken sin. Det handla om heimflagging av industri og oppbygging av forsvarsindustri, med auka produksjon av energi, teknologi og forsvarsmateriell. Kunstig intelligens skaut fart og skapte saman med ønskje om ei raskare grøn omstilling og militær opprusting, kraftig auka etterspurnad etter arbeidskraft med teknologisk kompetanse. Dei store globale endringane slo inn i norsk økonomi i form av kraftig inflasjon, og Noregs Bank svara med å heve rentene. I løpet av 2023 heva Noregs Bank styringsrenta frå 2,75 % til 4,5 %. Trass i auka renter heldt norsk økonomi seg overraskande sterk, med god vekst og låg arbeidsløyse.

Etter kraftig auke i inflasjonen i dei fleste landa gjennom 2021 og 2022, førte dei mange renteaukingane etter kvart til at inflasjonen minka i USA og Europa. I Noreg derimot, heldt prisveksten fram med å stige fram til sommaren, før den i berre beskjeden grad vart redusert.

Ved inngangen til 2023 låg styringsrenta til Noregs Bank eit godt stykke under både USA og UK, som båe hadde endra pengepolitikken sin dramatisk i løpet av 2022. I løpet av sommaren 2022 auka særleg USA og UK tempoet i rentehevingane, og renteforskjellen auka mykje utover året. Sentralbanken i USA peikte på at den underliggjande prisveksten var altfor høg, med risiko for å stige vidare sidan arbeidsmarknaden heldt seg så stram. Noregs Bank valde gjennom 2023 å gå forsiktig fram, og heva rentene i sakte tempo, trass i at inflasjonen held fram med å auke fram til sommaren, og andre land auka tempoet i å normalisere rentene. I juni heva Noregs Bank overraskande renta med 0,5 prosentpoeng, og heva prognosen for rentebanen. Ein viktig grunn til at veksten heldt seg oppe i Noreg, var oljeskattepakken som vart vedteken under covid-pandemien, og som førte til ein kraftig auke i investeringsaktiviteten i oljesektoren. I tillegg førte svak kronekurs til auka eksport, og til sterk tilstrøyming av turistar til Noreg. Arbeidsløysa heldt seg under 2 % gjennom heile 2023.

Trass auka renter utover året heldt krona fram med å svekke seg sidan andre sentralbankar auka rentene raskare og til eit høgare nivå enn Noregs Bank. Realrenta etter skatt heldt seg negativ gjennom 2023, sidan inflasjonen steig meir enn rentene, og renteforskjellen mot USA heldt seg negativ gjennom heile året.

Trass dei mange renteaukingane steig den breie aksjemarknadsindeksen i USA, S&P 500, med heile 24 % i 2023. I takt med at inflasjonen vart redusert, og økonomien heldt fram med å vekse, endra forventningane til sentralbanken sin rentepolitikk seg. Slik vart det venta at rentesatsane ville ta til å minke tidleg i 2024. Det førte til ein kraftig oppgang i aksjemarknaden på slutten av året. Veksten vart driven fram av særleg dei sju største teknologiselskapa kalla «magnificent seven»: Apple, Microsoft, Alphabet, Amazon, Nvidia, Meta og Tesla. Dei sju selskapa stod for rundt 2/3 av oppgangen i S&P 500. Nvidia, som lagar maskinane som produserer semiconductor chips, auka i verdi med heile 239 %. Teknologiselskapa steig i verdi, ikkje berre fordi det er skarpare fokus på heimflytting av teknologiproduksjon og sanksjonar overfor kinesiske import av teknologi, men også fordi digitalisering og kunstig intelligens ser ut til å bli ein moden teknologi det er mogleg å tene pengar på. Den breie europeiske aksjeindeksen, Eurofirst 500, steig med 16 % i 2023, mens Oslo Børs steig 11,5 %.

Etter ein uroleg start på året, med frykt for kraftig økonomisk nedtur som følgje av dei høge prisane og dei auka rentene i tillegg til uro i bankmarknaden i USA i mars, med konkurs i fleire mindre nisjebankar, viste økonomiane seg å vere overraskande robuste. Hushaldningane heldt fram med å handle, arbeidsløysa heldt seg svært låg, og bedriftene tilsette medarbeidarar, investerte og utvida som følgje av behov for opprusting, omstilling og heimflagging. Det som utløyste den siste oppturen i aksjemarknaden, var signal frå sentralbanken i USA om at dei tok til å bli sikre på at dei hadde fått kontroll med inflasjonen, og at rentene derfor etter kvart kunne setjast ned. I Q4 steig aksjane i USA med vel 12 %, den sterkaste kvartalsoppgangen sidan Q4 2020.

10 års statsobligasjonsrente i USA steig til ein topp på rundt 5 % i oktober 2023, for så å avslutte året på rundt 4 %, om lag det same nivået som ved inngangen til året. Marknaden prisa*) ved årsslutt 2023 at rentetoppen var nådd i USA, og at sentralbanken ville ta til å kutte renta i løpet av første kvartal i 2024.

Noregs Bank heva styringsrenta frå 2,75 % til 4,5 % i løpet av 2023. Ifølgje renteprognosen Noregs Bank la fram i den siste pengepolitiske rapporten i 2023, var det lite sannsynleg at renta måtte setjast opp ein gong til i løpet av første halvår i 2024, for så å bli redusert att til 4,25 % ved utgangen av 2024. Viss rentebanen utviklar seg slik, ventar Noregs Bank at gjennomsnittleg utlånsrente for bustadlån vil stige til ein topp rundt 5,7 % i løpet av 2024, for så å falle noko etter kvart som styringsrenta blir kutta. På same måte som i USA steig dei lange rentene i Noreg til ein topp på rundt 4 % i oktober, for deretter å falle til om lag 3,2 % ved slutten av året.

3m NIBOR steig frå rundt 3,3 % ved inngangen på året til rundt 4,7 % i løpet av sommaren. Etter det har 3m NIBOR lege relativt stabilt rundt 4,7 % trass i at styringsrenta vart heva to gonger i haust. Årsaka til den stabile 3m NIBOR-renta er at pengemarknadspåslaget, kalla 3m NIBOR spread over styringsrenta, har falle til berre 0,2 prosentpoeng ved utgangen av året.

Marknaden prisa ved årsslutt inn at rentetoppen var nådd i Noreg, og at rentene ville bli redusert gradvis frå starten av 2024. Oljeprisen heldt seg relativt stabil gjennom 2023, frå rundt USD 82 pr. fat i starten av året til USD 77 pr. fat ved utgangen av året. Gjennomsnittsprisen i 2023 var om lag USD 86 pr. fat, etter å ha vore oppe i USD 96,5 pr. fat i løpet av september.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar har dei siste 200 år spelt ei avgjerande rolle for utvikling av lokalsamfunn og næringsliv i heile landet. Sparebankane spelar ei stadig viktigare rolle både lokalt, regionalt og nasjonalt. Den lokale sparebanken har god kjennskap til marknaden og til dei utfordringar lokale næringslivsaktørar har, og gjennom denne kompetansen har lokalbanken eit stort konkurransefortrinn. Lokalbanken utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt, og gjennom sitt samfunnsansvar bidreg dei lokale sparebankane til at det er godt å leva og bu ute i distrikta.

I 1929 var det heile 638 sparebankar i Noreg, og det har sidan den gong vore gjennomført mange fusjonar og samanslåingar av lokalbankar. Talet på sparebankar i Norge er pr. i dag 88 bankar. Det er ulike spådomar når det gjeld fusjonstakt og samanslåing av bankar i tida framover, og det er òg ulike meiningar når det gjeld naudsynt storleik på lokalbankane. Det er særskild viktig at dei lokale sparebankane har ei god drift og skapar solide overskot, slik at dei òg i tida framover kan bidra til positiv utvikling i lokalsamfunna våre.

Bedriftsmarknaden i 2023

Etter to år der pandemien hadde vore hovud-bekymringa, var det følgjene av krigsutbrotet i Ukraina og utfordringar med tilgang på råvarer, auka kostnader på råvarer, drivstoff, straum og forventa auke i renta som prega starten av 2023. Gjennom året har desse verknadene gjort kvardagen til fleire bransjar utfordrande. Bedriftsmarknadsavdelinga har ved utgangen av året ein netto vekst i utlån til bedrifter på 6,67 %, 248 MNOK. Tilsvarende tal for 2022 var ein netto vekst i utlån til bedrifter på 11,17 %, 374 MNOK.

Det har vore auka etterspurnad etter finansiering av traktorar, bilar og reiskap. Gjennom vårt eigarskap i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS har vi finansiert 143 objekt gjennom leasing og salspantlån, totalt 90,1 MNOK. Til samanlikning viste fjoråret 116 objekt og investert beløp 63,7 MNOK. I 2023 har vi gjennom finansieringsselskapet sett dei fyrste skifta til mellom anna elektriske varebilar.

Omsetnaden av landbruksprodukt produsert i Noreg er i endring. Mindre forbruk av raudt kjøt endrar marknadsbalansen. På den andre sida aukar etterspurnaden etter norsk mjølk, og det same gjer salet av norske meieriprodukt. Produsentane ser at prisane dei oppnår for produkta sine ikkje følgjer auka kostnader på innsatsfaktorane. Driftsresultata og kontantstraumen blir redusert, og på same vis som i 2022 har dette gjeve seg utslag i auka behov for driftslikviditet. Sumaren 2023 var prega av turke tidleg i vekstsesongen. Dei store nedbørsmengdene i august forseinka for mange andre gongs innhausting, og enkelte areal let seg ikkje hauste i det heile.

Nye driftsbygningar oppført med støtte frå Innovasjon Norge vart det få av i 2023. Fram til i dag har vi motteke få søknader om lån til slike investeringar også for 2024. Dei forventa økonomiske rammene innan landbruket, og auka byggekostnader, syner at det er eit fåtal som kan leggje fram ein prognose som syner god økonomi der det er forsvarleg å investere i nye driftsbygningar.

Levande bygder er avhengige av aktivt landbruk, men dette krev at prisane til produsentane gjev auka inntektsgrunnlag til naudsynt vedlikehald, nye investeringar og god dyrevelferd.

Hjørnesteinsverksemdar i industrien melder om god fart i 2023. Dette har gjeve grunnlag for vekst i industriarbeidsplassar. Satsing på nye tekniske løysingar, opplæring av tilsette, møte mellom ulike fagmiljø og kapitalkjelder er viktige faktorar for å lykkast med vekst i industriverksemdar.

I 2023 har det vorte oppført langt færre fritidsbustader samanlikna med åra før pandemien. Auke i levekostnader, renter og byggjekostnader har påverka etterspurnaden. Følgjene påverkar tomteselskap og entreprenørar i fleire bransjar. I primærmarknadsområdet vårt er det ved utgangen av 2023 mange byggjeklare tomter. Med lengre tid frå ferdigstilling av infrastruktur til sal, et finanskostnadene opp delar av forventa fortjeneste.

Likt med 2022 opplevde enkelte turiststader nedgang i besøket, mens andre melder om auka trafikk og auka omsetning. Omgjeve av nasjonalparker, med god plass, naturgjevne fortrinn og ikkje minst breie tilbod innan servering, overnatting og aktivitetar, utgjør reiselivet ei stor kundegruppe for banken. Fleire verksemdar har skifta eigarar i 2023. Det har vore stor aktivitet med nybygg, fleire større og mindre prosjekt knytt til ombygging og renovering. Serveringsverksemdene er flinke til å nytte lokale råvarer, og fortset å byggje ei sterk merkevare når det gjeld servering av mat og drikke.

Fleire verksemdar arbeider bevisst for å forlengje sesongane, noko som har positiv verknad for arbeidsmarknaden.

Det blir arbeidd godt med målretta marknadsføring av fjellregionen. Noko gratisreklame nyt vi godt av gjennom TV-program og film innspelt i vårt område.

Handels- og servicenæringa blir påverka av endring i etterspurnad og ulik etterspurnad avhengig av årstid. Nisjebutikkar har på same måte som i 2022 gjeve uttrykk for uro for framtida. Auka netthandel og for mange tilbydarar av same vare er to årsaker. Fokus på å handle lokalt kan vera verkemiddel for å sikre mangfaldet innan handel. Eit aukande tilbod av lokal mat og drikke gjer vareutvalet stort og spennande. Fleire som satsar på slikt vareutval har gjeve auka konkurranse sidan marknaden ikkje aukar tilsvarande.

Uvêret «Hans» råka oss hardt i august, med store skadar på infrastruktur og landbruksareal. Turistnæringa mista inntekt på stutt sikt med stengde vegar og jernbane. Med delvis stengd jernbanestrekning ser ein at dei negative verk-nadene også vil påverke reisande over lang tid. Entreprenørane fekk auka tilgang på arbeid ut over hausten og framover. Korleis totalbildet vil sjå ut, ser vi ikkje klart ennå. Det er risiko for at kostnadene til oppretting av skader kan gå ut over framtidig finansiering av nye prosjekt knytt til veg og anna infrastruktur.

Arbeidet med ny E6 forbi Lillehammer har starta opp. Lokale entreprenørar er hyra inn som leverandørar til enkeltprosjekt knytt til dette anlegget. Det er forventning frå bransjen om at nye anbod på delprosjekt vil kunne gje verdifull sysselsetjing for lokale entreprenørar.

Likt med tidlegare år har Fjellbanken vore med på fleire nyetableringar i primærmarknads-området vårt. Hovuddelen er knytt til eigarskifte i eksisterande verksemdar, generasjonsskifte i landbruket, omorganiseringar for å kunne utvikle og møte nye krav, og tilrettelegging for framtidige eigarskifte. Utanfor primærmarknads-området har vi følgd kundar innan fast eigedom. Engasjementa våre er knytt til utleige, utvikling, bygging og sal av nye bustadar og fritids-bustadar.

Banken sine tekniske løysingar er i stadig endring. Målet er å gjere desse enkle og effektive å bruke for kundane våre, utan at det går ut over sikringsgraden.



Landbruksansvarleg i Fjellbanken, Iren Nystuen.

Auka trussel knytt til svindel gjer det naudsynt å gjera endringar som kan opplevast som mindre brukarvennlege. Rådgjevarane arbeider heile tida med å oppdatere seg slik at vi stadig blir betre på å gje relevant rådgjeving til nye og etablerte kundar.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond har delt ut til saman kr 500 000 i 2023. Særleg gledeleg var auke i søknader om næringsstipend, der heile ramma på kr 250 000 vart delt ut til totalt 15 mottakarar. Næringslivsfondet

sin egenkapital er styrka med 6 mill. kroner i 2023, noko som gjer det mogeleg med utdeling til fleire føremål frå 2024.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har generelt hatt lite misleghald. Med trongare økonomi hjå næringsdrivande ser vi ved årskiftet 2023/2024 ein auke i talet på misleghaldne lån. Faktiske tap og avsetjingar for å møte eventuelle tap er knytt til fleire bransjar. SpareBank 1 Lom og Skjåk har eit fåtal kundar som har gått konkurs i 2023, og tap knytt til konkursar har ikkje auka.



«Oberst» Dag Otto Lauritzen og vår eigen Arne Bjørgen oppmuntrar vidaregåande elevar i Norddalen til innsats under jubileumsveka vår.

Tilgang på arbeidsplassar i ulike næringar er grunnlaget for å oppretthalde busetjinga. Det er naudsynt at verksemdene i alle bransjar går med overskot. Verksemdene må halde oppe inntektsgrunnlaget og opparbeide eigenkapital til vedlikehald og fornying. Vekst i utlån frå banken til industri, handel, entreprenørar, bygg og anlegg, tenesteyting, reiseliv og landbruk, utbygging av infrastruktur og opparbeiding av tomter for bustader og hytter ser vi som viktige delar av vårt langsiktige arbeid med å sikre tilgang på arbeidsplassar i ulike yrke. Det er – og skal vera – konkurranse, om ulike oppdrag mellom aktørane. Om ein konkurrerer den eine dagen, er det viktig med samarbeid og samhandling mellom ulike fagmiljø den andre. Verdiskaping og overskot i den einskilde verksemda er avhengig av levering av tenester til og mellom ulike verksemdar.

I jubileumsåret har bedriftsmarknadsavdelinga vore meir aktiv med aktivitetar overfor kundane våre. Vi har gjennomført sju større arrangement. To møte med kommunar, frukost og inspirasjonsforedrag med «obersten» Dag Otto Lauritzen, to landbrukstreff og to julemiddagar. Det har vore gledeleg for oss med stor deltaking frå næringslivet. Planar for nye møteplassar i 2024 har vi allereie har begynt å tenkje på.

Målet til bedriftsmarknadsavdelinga er å vera med som drivkraft for næringslivet. Vi skal arbeide for relevant rådgjeving knytt til skiftande etterspurnad og krav. Fjellbanken skal gje tilbod på finansiering med mål om å styrke sysselsetjing, auke aktivitet og nye investeringar der ein tek omsyn til det grønne skiftet. På same tid skal vi gje tilbod knytt til sparing, plassering, forsikring og pensjonsløysingar til næringsverksemdene.



Dag Otto Lauritzen under vårt frokostmøte med næringslivet i jubileumsveka.

Personkundemarknaden 2023

Året 2023 har vore prega av stor pågang frå eksisterande kundar. Det har vore spørsmål av alle slag, alt frå opplåningar til mellomfinansieringar. Trass i stor pågang kom vi ut med ein negativ utlånsvekst på 0,10 %. Gjennom eigarskap i SpareBank 1 Finans Midt-Norge har vi finansiert 263 objekt, totalt 57,99 mill. kroner.

Siste del av året har vi sett ein auke på førespurnadar frå kundar som er bekymra for eigen økonomi, og for korleis tida framover vil bli. Vi merkar at marknaden er meir usikker, og at fleire av kundane er noko meir avventande. Det har i løpet av 2023 vore hyppige hevingar i styringsrenta frå Norges Bank, som saman med auka levekostnader har påverka økonomien til kundane. Som eit tiltak for å gje kundane våre eit pusterom, bestemte banken å halde utlånsrenta uendra etter siste renteheving frå Norges Bank i desember.

Vi har også gjennom 2023 hatt organisatoriske endringar, der vi har tilsett totalt seks nye kredittrådgjevarar, ein på Dombås-kontoret, to i Lom og to ved Oslo-kontoret, og ny avdelingsleiar i Oslo. I tillegg har vi takka av fire rådgjevarar som har søkt seg vidare til nye utfordringar.

Sparing og plassering har hatt eit spennande år. Spareviljen blant kundane er framleis veldig god, sjølv om det er uro i verda, og finans-

marknadene svingar. Dette blir stadfesta med det beste resultatet nokon gong når det gjelder måloppnåing for spareavtaler i fond. Etterspurnaden etter pensjon og privat pensjonssparing er også stor – noko som har gjeve god måloppnåing for 2023. På forsikringsområdet har vi også hatt god tilgang av nye kundar gjennom året, og vi opplever at mange kundar ønskjer å samle bank og forsikring på ein plass.

Tidlegare leiar for sparing og plassering valde å gje seg ut på nye utfordringar utanfor banken. Dette har resultert i eit ressursknapt team gjennom året 2023. Ved utgangen av året så har vi fått på plass ny leiar for sparing og plassering, og det blir arbeidd med rekruttering til teamet.

Sjølv med ein del endringar i rådgjevarkorpset har Oslo-satsinga og DNT-avtala vore i fokus gjennom året. Oslo-kontoret er framleis viktig for veksten vår, og ønsket om å halde fram som solid lokal Fjellbank.

Fjellbanken bankar for kundane, og gjennom 2023 har vi arbeidd med å nytte effekten av nytt CRM-system, nytte nye datadrivne løysingar, implementert ny økonomimodul, og arbeide med organisering for å betre effektivitet, relevans og auke gode kundeopplevingar.



Kundearrangement i Oslo med Anne Lindmo.

Samfunnsengasjement

Som nemnt i årsmeldinga elles, hadde vi eit spesielt hyggeleg år i 2023, der vi feira 150 år som bank. Det har vore lærerikt og spennande å kunne lyfte blikket ekstra høgt for å sjå attende, sjå på kva som har forma banken gjennom så mange år og så mange epokar. I året som har gått, har vi sett enda meir søkelys på banken som ein nær, solid og livgjevande norddøl. Alt dette skal vi ha som rettesnor i vårt daglege virke. Det er grunnlaget for at vi er til stades som bank, og at vi klarar å gje så mykje tilbake til lokalsamfunnet som vi gjer. I neste avsnitt kjem ein del av det vi bidrog med i året som gjekk.

Aktivitet gjennom året

Starten på året er både gledeleg og spennande kvart år, for å sjå kor mange som søker på gåvemidlane banken deler ut. Dette året fekk vi rekordmange søkjarar – heile 123 – der samla pott på gåveutdelinga vart på 475 000 kroner. Tusen takk til alle dykk som står på for at andre skal trivast og ha det godt i dei fine bygdene våre.

2023 skulle vera eit ekstraordinært år, der vi skulle feire at banken vart 150 år. Vi gjekk inn i året med stor iver, for vi visste at vi skulle gjera så mykje artig og viktig for alle, store som små.



Open bakke Lemonsjøen.



Open bakke Dombås.

Vi starta jubileumsåret med ein «kick-off» for tilsette på Fjellsenteret i Lom i februar, der vi tok mange attendeblick og mimra godt. Det er svært viktig å gjera stas på dei tilsette, som er banken sin viktigaste ressurs. I mars hadde vi arrangementa «Med Fjellbanken i skibakken», på Dombås og Lemonsjøen, der alle fekk gratis heiskort. Det var gledeleg å sjå at så mange som elles aldri er i bakken, tok turen desse to helgene.

Det var verkeleg ei gladmeldinga da vi i slutten av mars lanserte at banken ville gje ut inntil 10 millionar i ekstraordinære gåvemiddel i høve jubileet. Eit av kriteria for å søkje var dette med å unngå utenforskap blant born og unge, at færrest mogleg melder seg ut av idrett og kultur i ei tid der mange familiar har fått det tøffare økonomisk. Mange lag og foreiningar søkte difor midlar for å kunne redusere kostnadane på medlemskap, kontingentar, cupar og andre ulike aktivitetar.

Fjellbanken fornya avtala med DNT Oslo og Omegn i 2023. Det er særst viktig for oss å finne nye måtar å få kundar på, for å klare å vekse, framleis kunne vera sjølvstendige og på den måten klare både å gje attende og drive bank i Nord-Gudbrandsdalen. DNT Oslo og Omegn fall ned på at våre sponsormidlar denne gongen skulle gå til å bytte ut diesel-aggregata på Glitterheim til fordel for solcelle. Dette var i tråd med berekraftstrategien deira, og også heilt i tråd med det fokuset på grøn omstilling som banken har.

Dagen før vår eigentlege 150 års bursdag, 27. mai, feira vi med kaffe og kake på alle bankkontora fredag 26. mai, og der vart vår eigen jubileumsfilm lansert.

I sjølve jubileumsveka i starten av juni hadde vi mange store arrangement, både med besøk av «oberst» Dag Otto Lauritzen frå Kompani Lauritzen, der han var med på frukostmøte for næringslivet. I tillegg hadde vi ein aktiv dag for ungdommen i Lom i skikkeleg Kompaniånd.



Kick-off for dei tilsette på Fjellsenteret.

Veka vart avslutta med ein fantastisk dag i Presthaugen med gratiskonsert med sjølvaste Emma Steinbakken. Det var utruleg med folk og skikkeleg stas for oss alle! Vi ønskte i jubileumsåret også å gjera stas på våre eldste, og besøkte alle eldresentera i heimemarknaden med kaffeservering og musikalske innslag.

I juni var det duka for storslått meisterskap norsk folkemusikk og folkedans. Landskappleiken 2023 vart avhalden i Utgard i Lom, med ein fantastisk gjeng friviljuge som gjer dette til ein fest både for tilreisande og lokalbefolkning. Banken var hovedsponsor, noko vi er særstolte av. Det er enormt mykje som blir lagt att i bygdene ved slike store arrangement.

Tidleg i haust hadde vi fjelltur frå Glitterheim med våre eigne fjellførarar, og i oktober hadde vi kundearrangement i Oslo med Anne Lindmo. Mot slutten av året vart det arrangert middag med underhaldning for landbrukskundar og bedriftskundar i Norddalen med utdeling av

næringsstipend. Det er støtt triveleg å samlast slik, få teke seg tid til å roe ned med gode samtalar rundt borda. Det er gode minne og det bind oss tettare i hop.

I år var vi også ein av hovudsamarbeids-partnarane til podcasten «Hælt Ekte», ein gjeng fantastisk dyktig ungdom, som hadde teke initiativet til å lage podcast med ønskje om å løfte og inspirere gudbrandsdølar og næringsliv, fronte mangfaldet av moglegheitane i og frå Gudbrandsdalen. Dette har vorte ein serie med podcastar det er vel verdt å få med seg.

Tradisjonen tru hadde vi også i år utdeling av talentstipend ein av dei siste dagane før jul. I jubileumsåret vårt ønskte vi også her å gje ekstra til talenta våre. Blant anna hadde vi heile fem stipend på kr 50 000,- mot tre som vi normalt har. Vi gav dermed ut ein halv million i talentstipend i 2023. Vi er verkeleg takksame for at så mange kjem og at vi får gjort stas på dei alle flinke talenta vi har i bygdene våre.



Jubileumskonsert med Emma Steinbakke i Presthaugen.

Flotte Ullinsvin i Vågå husa oss denne kvelden med nydeleg mat frå Villa Vågå og underhaldning frå Lina Haug Randen. Konferansier Julie Garmo losa oss godt gjennom heile arrangementet. Ein skikkeleg fin førjulskveld!

I tillegg til alt dette var vi med og bidrog aktivt slik vi elles brukar gjennom året. Vi var også denne gongen hovudsamarbeidspartnar til Stillingssleppet i Nord-Gudbrandsdalen, vi bidrog med SKIBANKEN, i hop med Norges Skiforbund, der folk med ski og skiutstyr i buer og garasjar kunne pante skia sine for at andre som ikkje har utstyr, kunne få dette gratis.

Som åra før var vi også ein av hovudsponsorane på Trollhøe Høkkers-arrangementet på Lemonsjøen i mars. I april var vi, som tidlegare, til stades på Elvebedriftsmesse på Nord-Gudbrandsdal vidaregåande, der vi sat i jury. Så mykje flink ungdom! Apropos ungdom: Vi hadde ein heil gjeng med russ innom i banken i Lom og på Dombås i april til pizza og gode samtalar om tema som vil treffe dei i høve sparing, kredittkort, innbuforsikring, depositum og mykje anna.

Utpå haustparten var det duka for årleg berekraftskonferanse i regi av Den Smarte Grønne dalen, der mange bedrifter frå dalen er med for ei grøn omstilling for Gudbrandsdalen. Der er banken ein av hovudsamarbeidspartnarane.

Det var også duka for Gudbrandsdal musikkfest på hausten, der banken er hovudsponsor. 10 konsertar på tre dagar i heile dalen, der publikum og artistar får møte det beste av vår eigen musikktradisjon. Og noko av det viktigaste: Unge musikalske talent frå heile Gudbrandsdalen deltek på alle konsertane under denne fantastiske musikkfesten.

Sparebankveka gjekk av stabelen i starten av november, med sparefokus, pølsefest og aktivitetar i skjønn foreining på alle kontor. Det er for oss som sparebank utruleg viktig at vi set sparing på dagsordenen frå ein er liten, kor viktig det er å spare, om det er på grisen, i lommeboka eller på ein konto. Det var stort oppmøte med nøgde foreldre og born.



Utdeling av talentstipend.



Frå Glitterheim.




Besøk på Lesja Sjukeheim i jubileumsveka.


Samfunnsrekneskap

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein stor arbeids-gjevar. Medrekna skatt betalt av dei tilsette bidreg banken med over 56 mill. kroner i skattar og avgifter. Når vi reknar med gåver, stipend og sponsormidlar, er bidraget frå bankaktivitetane i 2023 på i alt 70,1 mill. kroner. Dei fem siste åra har banken betalt over 33,2 mill. kroner i gåver, stipend og sponsormidlar.

Gåver, stipend og sponsormidlar



Samfunnsrekneskap



Desse fekk tildelt gåver i 2023:

Aurmo Vel
 Bjørkås Grendahus
 Bøverdalen Idrettslag
 Bøverdalen Samfunnslag
 Bø Grendahus
 Bø Grendautvalg (løypekjøring)
 Diktardagar
 DNT Gudbrandsdalen
 Dombås ambulansestasjon
 Dombås Musikkforening
 Dovre og Dovreskogen skytterlag
 Dovre Historielag
 Dovre Idrettslag
 Dovre Lesja Kunstforening
 Dovre Spelmannslag
 Dovre Vel
 Dønnfoss Vel
 Elevrådet ved Nord-gdal vgs Lom
 FAU Loar Barnehage
 Fjelltronning 4 H
 Flåklypa Sendeplatelag
 Frisvoldskogen Velforening
 Fritidsklubben Dovre
 Furuheim Gard (Wentzel måleri, restaurering)
 Garmo Bygdahus SA
 Garmo Idrettslag
 Gjeilo Grendahus
 HLF Lom (hørselslag)
 Hølemork kretslag / Moar grendehus
 Jakupscena
 Jetta Hundeklubb
 Jotunheimen Hestlag
 Jotunheimen Lag av Norske Redningshunder
 Juletreff på Moar
 Kjøremsgrende Grendalag
 Knut Hamsun – laget
 "Kraftverket"
 LHL Skjåk
 Lalm Idrettslag
 Lalm Musikkforening
 Lalm Samfunnshus
 Lendhytta
 Lesja og Dovre Demensforening
 Lesja og Dovre Arkeologiske Forum
 Lesja Historielag
 Lesja Idrettslag
 Lesja Røde Kors Omsorg
 Lesja Toraderklubb
 Lesjaverk Grendautvalg

Lia Ungdomslag / Liarende
 Lom Bygdekvinnelag
 Lom Friviljugsentral
 Lom J 17 samarbeidslag
 Lom Husflidslag
 Lom Jeger- og fiskeforening
 Lom Knipsarlag
 Lom Kyrkjelege Råd
 Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps
 Lom og Skjåk Brass
 Lom og Skjåk Hockey (Grov Gladiators)
 Lom Pensjonistlag
 Lom Skolekorps
 Lom Trekkspillklubb
 Lom Ungdomsklubb
 LOS Kvinnenettverket Lom og Skjåk
 Lomsklangen
 Lykregrenda Vel
 Marlo Grendahus
 Mosjordet Grendahus SA
 Mållaget Ivar Kleiven
 Nasjonalforeningen Lom Demensforening
 Nasjonalparkriket Fotball
 Naturvernforbundet Ottadalen og Sel
 Nordherad Grendalag
 Norsk Ornitologisk Forening,
 Sel og Ottadalen lokallag
 Nuggebadarene's forening
 Optimiske - samhold-Utvikling i Dovre
 Ottadalen Hestesportklubb
 Ottadalen Revmatikerlag
 Piger Hviin og Sang
 Pilgrimssenter Dovrefjell
 Reinskytten Skytterlag
 Sjørdalen amatørteaterlag
 Sjørdalen Kvinnelag
 Sjørdalen Samfunnshus
 Skjåk Bygdekvinnelag
 Skjåk Demensforening
 Skjåk Hestlag
 Skjåk Husflidslag
 Skjåk IL Gym- og turngruppe
 Skjåk Pensjonistforening
 Skjåk Pistolklubb
 Skjåk Røde Kors Hjelpekorps
 Skjåk Songlag
 Skjåk Spelmannslag
 Skjåk Swing- og gammeldanslag
 Skjåk Turlag
 Småbarnsjuletreffest

Steinbakken vevstuggu
 Synsli Grendautval
 Teatergruppa UL Fram
 Tessand Idrettslag
 Toftemosvingen Danseklubb
 Trekkfuglan
 Trollhøe Høkkers
 Trusopplæringa i Skjåk
 Ullinsvin samarbeidsutval
 Vågå Bygdekvinnelag
 Vågå Demensforening
 Vågåfjell Turløyper
 Vågå Frivilligsentral
 Vågå Handicaplag
 Vågå Historielag
 Vågå Historielag - Ullinsvin Prestgårdshågein
 Vågå IL fotballgruppa
 Vågå Musikkforening
 Vågå Seniordans
 Vågå skyttarlag
 Vågå Speidargruppe
 Vågå Spel- og dansarlag
 Vågå Trekkspillklubb
 Øygard Skulehus/grendahus

Tildeling talentstipend i 2023:

Åsne Sørli-Nordnes, Vågå, skodespel
 Simen Teigum Slettede, Skjåk, motbakkeløp
 Hanne Kjøk, Garmo, fele/folkedans
 Gabriela Avagian, Lesja, paragliding
 Tord Mathias Hareland Berget, Lesja,
 langrenn og skiskyting
 Ann-Mari Ruste, Dombås, korps/kornett/trompet
 Vemund Olav Aukrust, Lom, orgel og piano
 Synne Kjøk, Garmo, fele/folkedans
 Marius Øyen, Lom, fotball
 Vegard Mathias Nyøygard Nordrum Gjøvik, fiolin
 Lina Haug Randen, Vågå, song og musikk
 Soini Turunen, Vågå, snowboard
 Lina Brenden, Vågå, fele/femradar/song
 Maria Gustavsen Rakstad, Skjåk,
 teksturering/multi/3D
 Eilen Skaansar, Lom, korps
 Eirik Fjeld, Lom, langrenn
 Svein Løkken, Vågå, freeski
 Ragnhild Holen, Vågå, hund/rallylydighet
 Jens Lyngved, Skjåk, motorcross
 Sebastian Schakenda, Lom, klatring
 Åste Sulheim Viken, Lom, fele/folkedans

Desse samarbeidde vi med og hadde sponsoravtaler med i 2022:

Arnt Joar Bråten
Barnas Mini-VM
Besøktstjenesten Fredheim
Bjørli/Lesja Løypelag
Brage Hole Nestande
Bøverdalen IL
Bøverdalen Samfunnslag
Countryfestivalen i Skjåk
Dale-Gudbrand stedsforening
Diktardagar
DNT Gudbrandsdalen
DNT Oslo og Omegn
Dombås Bridgeklubb
Dombås IL
Dombås IL ski og skiskyting
Dombås Musikkforening
Dovre Historielag
Dovre Kyrkjelege råd
Dovre Løypelag SA
Dovre ungdomsskole, skidag
Dovreskogen Vel
FAU Skjåk barne- og ungdomsskule
Film og Kino
Fjelleventyret AS
Forberget Klatrefelt
Frikk Gjeilo
Fyrst og Fremst
Garmo Bygdahus
Gjelling-Ljomen
Grotli skiheiser
Gudbrandsdal Musikkfest
Holemork Kretslag
Julemesse på Moar
Kjøremsgrende Grendalag
Lalm IL
Lalm Ishockeyklubb
Lalm Musikkforening
Lalm Samfunnshus
Lemonsjøen Alpinsenter
Lesja Dovre Danseteam
Lesja IL
Lesja kommune, dag i bakken
Lesja Sau og Geit
Lesja Skule, skidag
Lesjaskog Skulemusikk
Lillehammer og Omegn MS-forening
Liverbirds Ottadalen
Lom Dartklubb

Lom Fjellsenter
Lom Folkebibliotek
Lom Friviljugsentral
Lom IL
Lom og Skjåk skytterlag
Lom Trekkspillklubb
Lomsrussen
Lyd i Lom DA
Marlo Grendahus
Melego Musikk AS
Melovitten
MXCamp Skjåk
Nasjonalparkriket Fotball
Opplæringskontoret Gudbrandsdalen
Ottadalen sykkelklubb
Pilgrimssenter Dovrefjell
Polaris
Regionkontoret Nord-Gudbrandsdalen
Russen i Nord-Gudbrandsdalen
SjoggEVENT
Sjørdalen Grendalag
Sjørdalen IL
Skjåk IL
Skjåk kyrkjelege fellesråd
Skjåk Pensjonistlag
Skjåk sau og geit
Skjåk Saab-klubb
Skjåk Turløyper
Skåppå AS
Stiftelsen Norsk Luftambulans
Stolpejakten i Vågå
Teatergruppa UL Fram
Tessand IL
Det Waageske Compagnie og svartkruttlag
Tor Jonsson-laget
Trollhøe Høkkers
UE Innlandet
Viljar Hole Nestande
Visit Jotunheimen
Vågå Husflidslag
Vågå IL
Vågå Kameraklubb
Vågå kommune
Vågå Sangkor
Vågå Seniordans
Vågå Skytterlag
Vågå Spel- og Dansarlag
Yuki Karateklubb
Øygard Skule Grendalag

Ekstraordinære gåvemidler i jubileumsåret

Bø grendautvalg
Bøverdalen IL
DNT Gudbrandsdalen
Dombås Bridgeklubb
Dombås IL
Dombås IL Fotball
Dombås IL Freeski
Dombås IL skiskyting
Dovre IL
Dovre og Dovreskog Skytterlag
Dovre og Lesja Kunstforening (UNG)
Dovre skolekorps
Dovrefestivalen
FAU Skjåk Barne og ungdomsskole
FAU Garmo Barnehage
Fjelldronning 4H
Flyktningetjenesten i Dovre kommune
Garmo Bygdahus
Garmo IL
Jotunheimen Fjellsportklubb
Jotunheimen Hestlag
Kalven Seter
Lalm IL
Lalm Ishockeyklubb
Lalm Musikkforening
Lalm samfunnshus
Lesja speidergruppe
Lesjaskog IL fotball
Lesjaskog Skulemusikk
Lom Bygdekvinnelag
Lom Friviljugsentral
Lom Husflidslag
Lom IL
Lom Jeger- og fiskeforening
Lom Skulekorps
Lom Spel- og dansarlag
Lomsklangen
Lora Sportsskyttere
Prestgardskogen velforening
Randsverk grendalag
Reinheimen Bågåjegerlag
Sel teaterlag
Sjårdalen IL
Skjåk Hestlag
Skjåk Husflidslag
Skjåk Håndballgruppe
Skjåk IL Fotball
Skjåk IL gym- og turngruppe

Skjåk IL padlegruppe
Skjåk IL spinninggruppa
Skjåk IL
Skjåk turløyper
Skjåk Motorklubb
Skjåk pistolklubb
Skjåk spel- og dansarlag
Skjåk Turlag
Skjåk IL
Tessand Hjelpeforening
Tessand IL
Vågå husflidslag
Vågå IL
Vågå IL fotball
Vågå IL håndball
Vågå Musikkforening
Vågå Speiderlag
Vågå spel- og dansarlag
Vågå strykeorkester
Vågåfjell Turløyper
Yuki Karateklubb

Prosjektmidler:

Visit Jotunheimen
Tor Jonsson-laget
Skjåk IL
Skjåk IL skigruppe
Heimraster Grunneigarlag
Lom Dartklubb
Lom Heimbygdsdag
Lesjaskog Grendautvalg
Kjøremsgrende grendalag
Dovre Samfunnshus
Vågå Røde Kors Beredskapshytte
Skogvang Grendahus
Tessand Grendelag og Tessand
Hjelpeforening – Kjøken
Reinskytten Skytterlag
Skjåk Frivillighetssetral, ungdomsshuset
Interkommunalt Politisk råd - styrket frivillighet
i Nord-Gudbrandsdal

Velferdssteknologi, 100 000 kr til kvar kommune:

Lesja og Dovre demensforening
Nasjonalforeningen Lom demensforening
Vågå demensforening
Skjåk demensforening/Nasjonalforeningen
for folkehelsa



Det var stas å kunne gje 1 million i gåve til Lom og Skjåk Brannvesen i samband med jubileet vårt.

SpareBank 1 Gruppen og banksamarbeidet

Bankane i SpareBank 1-alliansen består av 12 sjølvstendige sparebankar (juridiske einingar). I 2023 vart det kjent at SpareBank 1 Sørøst-Norge fusjonerer med SpareBank 1 SR-Bank, det

nye namnet på dei fusjonerte bankane blir SpareBank 1 Sør-Norge. Totalt arbeider om lag 6700 tilsette i SpareBank 1-bankane, og noko over 8900 i heile alliansen.

12 regionale og lokale SpareBank 1-bankar er partnerar i alliansen

SpareBank 1
SR-BANK

SpareBank 1
SMN

SpareBank 1
NORD-NORGE

SpareBank 1
ØSTLANDET

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

SpareBank 1
NORDMØRE

SpareBank 1
RINGERIKE HADELAND

SpareBank 1
LOM OG SKJÅK

SpareBank 1
SØRØST-NORGE

SpareBank 1
ØSTFOLD-ÅKERSHUS

SpareBank 1
HELGELAND

Dei 8 lokale SamSpar-bankane

Om SpareBank 1 Gruppen

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet til fleire dotterselskap, som alle utviklar og leverer produkt til alliansebankane, som igjen tilbyr desse til kundane i lokalmarkedene sine. Selskapet utviklar og leverer også produkt til LOs forbund og forbundsmedlemmer gjennom fordelsprogrammet LOfavør.

SpareBank 1 Gruppen AS er 100 % eigd av SpareBank 1-bankar og Landsorganisasjonen LO med følgjande eigarbrøk:

SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %), SpareBank 1 SMN (19,5 %), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %), SpareBank 1 Østlandet (12,4 %), og Landsorganisasjonen og fagforbund tilknytt LO (9,6 %).

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100 % av aksjane i følgjande dotterselskap:

- SpareBank 1 Forsikring AS (Pensjonsselskapet)
- SpareBank 1 Factoring AS
- SpareBank 1 Spleis AS

I tillegg eig SpareBank 1 Gruppen:

- Kredinor AS (50%)
- Lofavør AS (49 %)
- Fremtind Forsikring AS (65 %)
- SpareBank 1 Utvikling DA (10 %)

Selskap som er direkte eigd av SpareBank 1-bankane

Ti finansselskap utanfor alliansesamarbeidet er også ein del av selskapa til SpareBank 1-alliansen. Dei er direkte eigd av bankane med eigarskapsbrøk/delar som er forskjellig frå bank til bank.

Oversikt over SpareBank 1-alliansen:

SpareBank 1 SR-BANK	SpareBank 1 SMN	SpareBank 1 NORD-NORGE	SpareBank 1 ØSTLANDET	SpareBank 1 SAMSPAR
★ 18/19,5%	18 /19,5%	18/19,5 %	18/12,4 %	18/19,5 %
To felleseigde* selskapsgrupperingar (Alliansesamarbeidet):				
SpareBank 1 Utvikling DA		SpareBank 1 Gruppen AS  9,6%)		
DATTERSELSKAPER: EiendomsMegler 1 Norge AS SpareBank 1 Kundesenter AS		DATTERSELSKAPER: SpareBank 1 Forsikring AS SpareBank 1 Factoring AS Spleis AS Fremtind Forsikring AS - Fremtind Liv AS - Fremtind Service AS SELSKAPER MED BETYDELIGE EIERINTERESSER: LOfavør AS Kreditor AS		
		Ti deleigde* selskap utanfor Alliansesamarbeidet:		
		BN Bank ASA SpareBank 1 Boligkreditt AS SpareBank 1 Forvaltning AS - ODIN Forvaltning AS SpareBank 1 Kreditt AS SpareBank 1 Markets AS SpareBank 1 Næringskreditt AS SpareBank 1 Bank og Regnskap AS		
		SELSKAPER SOM BERRE FORVALTAR EIGARINTERESSER: SpareBank 1 Betaling AS SpareBank 1 Mobilitet Holding AS SpareBank 1 Gjeldsinformasjon AS		

SpareBank 1 Utvikling DA

SpareBank 1 Utvikling DA består av ei rekkje utviklings- og fagmiljø, som leverer forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til eigarbankane. Selskapet bidreg til at felles utvikling og aktivitetar gjev bankane stordrifts- og kompetansefordelar, og eig og forvaltar dei immaterielle rettane til alliansen under det felles merkevarenamnet «SpareBank 1».

Samspar

SpareBank 1 Lom og Skjåk har 7,89 % eigarskap, og er ein av åtte aksjonærar i Samarbeidende Sparebanker AS og SpareBank 1 Samspar AS. Samarbeidende Sparebanker AS tek hand om SamSparbankane sine eigarinteresser i SpareBank 1 Gruppen, medan SpareBank 1 Samspar AS tek hand om aktivitetane til SamSpar-administrasjonen og SamSparalliansen. Desse selskapa blir eigd av åtte sjølvstendige sparebankar, og er ein allianse i alliansen.

SpareBank 1 Sørøst-Norge vedtok i 2023 å fusjonere med SpareBank 1 SR-Bank, og vil i løpet av 2024 gå ut av Samspar og Samarbeidende Sparebanker AS. Sparebanken 1 Sogn og Fjordane har vedteke å gå inn i Samarbeidende Sparebanker AS og Samspar AS. Det er uvisst kva tid det vil skje. Samspar AS har fellesadministrasjon i Oslo. Bankane eig SpareBank 1 Gruppen gjennom eigarskapet sitt i Samarbeidende Sparebanker AS.

Samspar er ein viktig samarbeidsarena for bankane, som legg til rette for og fremjar samarbeid på område som t.d. datavarehus, finansiering, marknad, betalingsformidling, IT, plassering og økonomi. SpareBank 1 Lom og Skjåk har ein indirekte eigardel på 1,54 % i SpareBank 1 Gruppen gjennom eigarskapet sitt i Samspar.



Fjelldrønning.

EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdalen AS

Banken er deleigar i EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS med 22,6 %. Selskapet er medlem av EiendomsMegler 1, og gjennom eigarskapet vårt og eit tett samarbeid vil dette gje synergieffektar for banken.

Vi vil i tida framover ha eit enda tettare samarbeid mellom Fjellbanken og EM1 Lillehammer Gudbrandsdal. Årsresultatet i 2023 vart kr 769 580 etter finans og skatt. Omsetninga i 2023 var på kr 34 118 711.

SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS

SpareBank 1 Lom og Skjåk eig 1,10 % i SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS. Dette er ein av dei tre største aktørane i rekneskapsbransjen, med meir enn 500 medarbeidarar fordelt på over 40 kontor

i Trøndelag, Møre og Romsdal og Innlandet. Her i området har SpareBank 1 Regnskapshuset kontor i Lom, Skjåk, på Bjorli, Lesja og på Dombås.

SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS

SpareBank 1 Lom og Skjåk eig 2,3 % av aksjane i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS. Gjennom eigarskapet i selskapet kan vi gje tilbod på leasing, næringslån, salspantlån og fakturasal til

bedrifter og privatpersonar. Selskapet har ein forvaltningskapital på 12,6 milliardar kroner og har 52 tilsette. Hovudkontoret er i Trondheim.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond

Næringslivsfondet i banken har ein grunnkapital på kr 4 000 000. I 2023 vart næringslivsfondet tilført kr 6 000 000 i annan innskoten eigenkapital. Formålet til fondet er å styrke næringslivet blant bankkundane våre i marknadsområdet Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Lesja og Dovre.

Frå og med 2024 er det vedtektsfesta tre ulike formål fondet kan brukast til:

1. Tilskot frå fondet skal nyttast til finansiering av undersøkingar og forsøk med sikte på å koma i gang med ny verksemd, og styrke eksisterande verksemd med finansiering av produktutvikling, konsulenttenester, opplæringstiltak og marknadsføring.

2. Næringsstipendet skal vera eit bidrag til nyskaping, utvikling og vekst i næringslivet, med mål om fleire varige arbeidsplassar i Skjåk, Lom, Vågå, Dovre, Lesja og Sel. Stipend kan delast ut til nyetablerarar og næringsdrivande i Skjåk, Lom, Vågå, Dovre, Lesja og Sel, eller til samanslutningar der hovudvekta av næringsdrivande er innanfor desse kommunane.

3. Interesseorganisasjonar, andre organisasjonar og kommunal forvaltning, som ønskjer å leggje til rette for landbruksnæringa, kan søkje om midlar til kurs, fellestiltak/arrangement og tilskot til trivselstiltak.

Varde Investeringslaug AS

Varde Investeringslaug AS vart etablert i 2022, og skal vera ein pådrivar for å hente inn kapital til eit investeringsfond som kan bidra med risikokapital øyremerkt utvikling og vekst. Dette er ei felles satsing mellom privat og offentleg sektor med mål om å skape arbeidsplassar i Gudbrandsdalen. Varde skal bidra til at Gudbrandsdalen blir ein levande og attraktiv plass å bu og arbeide, og

investerer i selskap som har ein tydeleg ambisjon om å drive berekraftig. Dette gjeld både økonomiske, sosiale og miljømessige forhold.

Saman med SpareBank 1 Lom og Skjåk er også SpareBank 1 Gudbrandsdal, Gudbrandsdal Energi Holding, Eidefoss og Skjåk Energi med på eigarsida.

Nøkkeltal

Tal i tusen kroner

	2023	2022	2021	2020	2019
Forvaltningskapital	9.074.889	8.493.906	8.057.200	7.161.180	6.302.030
Overført til Boligkreditt (BK)	2.573.501	2.267.368	1.914.651	1.722.071	1.593.166
Forvaltningskapital inkl. BK	11.648.390	10.761.274	9.971.851	8.883.250	7.895.196
Brutto utlån (til kunder)	7.080.107	7.104.694	6.607.679	6.033.050	5.584.930
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK	9.653.608	9.372.062	8.522.330	7.755.121	7.178.095
Innskott fra kunder	6.820.836	6.301.801	6.048.761	5.200.611	4.527.161
Resultat underliggjende drift eks. tap	119.319	90.325	43.268	58.461	67.794
Tap på utlån	19.252	15.171	4.307	27.010	4.170
Resultat underliggjende drift inkl. tap	100.067	75.154	38.961	31.452	63.624
Utbytte og verdiendring fin. Instrument	30.776	3.285	27.932	-1.444	39.728
Resultatdel TS og FKV	-2.104	13.420	40.242	42.514	
Resultat før skatt	128.738	91.859	107.135	75.522	158.895
Resultat etter skatt	97.852	75.144	95.036	66.201	140.159
Eigenkapital	1.328.691	1.256.343	1.182.224	1.087.610	970.371
Rentenetto	2,41 %	1,99 %	1,43 %	1,67 %	2,08 %
Rentenetto inkl. lån overført SB1 Boligkreditt	1,94 %	1,68 %	1,33 %	1,49 %	
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,52 %	0,58 %	0,67 %	0,66 %	0,64 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,56 %	1,44 %	1,51 %	1,43 %	1,57 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdiendringer	52,78 %	50,59 %	56,65 %	47,87 %	43,88 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. finansielle poster	54,00 %	56,86 %	73,21 %	60,39 %	58,72 %
Resultat før andre inntekter og kostnader i % av gj.snitt forvaltningskapital	1,09 %	0,96 %	1,21 %	0,96 %	2,29 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,20 %	0,22 %	0,07 %	0,35 %	0,07 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,76 %	0,92 %	0,84 %	0,73 %	0,59 %
Mislighaldsprosent	0,08 %	0,09 %	0,08 %	0,15 %	0,28 %
Eigenkapitalandel i balanse	14,64 %	14,79 %	14,67 %	15,19 %	15,40 %
Egenkapitalavkastning etter skatt	7,43 %	7,52 %	9,44 %	6,95 %	17,50 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	9,88 %	6,18 %	8,41 %	6,36 %	15,44 %
Kapitaldekning	22,08 %	22,03 %	21,83 %	22,22 %	22,71 %
Kjernekapitaldekning	22,08 %	22,03 %	21,83 %	22,22 %	22,71 %
Rein kjernekapitaldekning	22,08 %	22,03 %	21,83 %	22,22 %	22,71 %
Rein kjernekapitaldekning, konsolidert	21,17 %	21,38 %	21,54 %	21,81 %	22,07 %
Kjernekapitaldekning konsolidert	21,31 %	21,57 %	21,74 %	22,03 %	22,33 %
Kapitaldekning, konsolidert	21,53 %	21,80 %	21,97 %	22,31 %	22,65 %
Utlånsvekst (eks. tapsavsetninger)	-0,35 %	7,52 %	9,52 %	8,02 %	9,08 %
Utlånsvekst inkl. BK	3,00 %	9,97 %	9,89 %	8,04 %	8,82 %
Innskotsvekst	8,24 %	4,18 %	16,31 %	14,88 %	3,92 %
Innskott i % av utlån	97,06 %	89,40 %	91,86 %	86,20 %	81,06 %
Innskott i % av utlån inkl. SB1 Boligkreditt	71,59 %	68,12 %	71,64 %	67,69 %	63,36 %
Endring forvaltningskapital	6,84 %	5,42 %	12,51 %	13,63 %	6,66 %
Brutto utlån næring (egen bok)	50,77 %	46,24 %	43,21 %	44,55 %	43,71 %
Brutto utlån privat (egen bok)	49,23 %	53,76 %	56,79 %	55,45 %	56,29 %
Brutto utlån næring inkl. Boligkreditt	38,26 %	35,89 %	34,29 %	33,85 %	35,41 %
Brutto utlån privat inkl. Boligkreditt	61,74 %	64,11 %	65,71 %	66,15 %	64,59 %
LCR	189,00 %	190 %	181 %	173 %	170 %
Tal på tilsette	67	64	62	59	55
Tal på årsverk	66	63	60	58	54

Årsmelding frå styret

Generelt

SpareBank 1 Lom og Skjåk vart stifta 27. mai 1873 og opna 2. januar 1874. Det opphavlege grunnfondet var kr 1 200. Lensmann Staff gav kr 800, Lom kommune og Skjåk kommune kr 400.

SpareBank 1 Alliansen vart etablert i 1996, og Spare-Bank 1 Lom og Skjåk gjekk inn i alliansen i 1998.

Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og robust sparebank med lokal forankring. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken skal vera ein kostnadseffektiv bank, og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selje og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgjevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår.

Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågå, på Dombås og i Oslo.

Eigarstyring og selskapsleiing

Det øvste organet i SpareBank 1 Lom og Skjåk er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er samansett av 12 medlemmer og fire varamedlemmer, der ni medlemmer og tre varamedlemmer er valde av og blant kundar i banken. Resten av medlemmene blir valde av og blant dei tilsette. Generalforsamlinga har etablert ein uavhengig valkomité som innstiller på kandidatar til generalforsamling og styre i banken, utanom representantane valde av og blant dei tilsette. Vedtektene i banken vart sist endra 11.03.2021, og vedtektene er offentleggjorde på heimesida til banken.

Forvaltninga av banken høyrer til under styret. Dei fire eksterne medlemmene blir valde av generalforsamlinga. Dei to andre medlemmene blir valde av og blant dei tilsette. Styret skal sørge for ei forsvarleg organisering av banken og har ansvaret for å etablere kontrollsystem

og sikre at verksemda blir driven i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og forskrifter.

Dei etiske retningslinene i banken er gjennomgått og godkjent i styret. Retningslinene er formidla til dei tilsette, og er tilgjengelege på heimesida til banken

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigen styreinstruks. Instruksen skal sikre tillit til styret og leiinga og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar.

Styreinstruksen blir evaluert årleg, og vart sist revidert av styret 26.04.2018, utan vesentlege endringar.

Styret har etablert eit felles risiko- og revisjonsutval og eit godtgjeringsutval. Banken har tilsett eigen fagansvarleg risk og compliance, som rapporterer direkte til styret.

Styret og leiande tilsette er omfatta av den løpande styreansvarsforsikringa. Forsikringa er plassert hjå forsikringsrådgjevarar med solid kredittrating.

Godtgjering og godtgjeringsutval

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk fastset lønn og andre godtgjeringar til administrerande banksjef. Administrerande banksjef blir delegert mynde til å fastsetja lønn og andre godtgjeringar til både leiande og til andre tilsette. Lønssystemet i banken er regulert av Sentralavtalen, Hovudavtalen og Bedriftsavtalen i banken. Årleg lønnsregulering blir fastsett av administrerande banksjef etter drøfting i tilsetjingsutvalet.

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk har etablert eit godtgjeringsutval. Utvalet er representert med tre medlemmer frå styret i banken. Av desse skal minst ein vera representant for dei tilsette: styreleiar, nestleiar, tilsettevald styremedlem. Godtgjeringsutvalet skal på fritt grunnlag vurdere godtgjeringsordninga i føretaket og skal førebu alle sakene som skal handsamast av banken sitt styre. Den 26.01.2023

vart det halde eitt møte i godtgjeringsutvalet. Utvalet handsama rapport om praktisering av godtgjersleordninga for 2023, erklæring om lønn og annan godtgjersle til leiande tilsette, i tillegg til overskotsdeldeling for 2023.

Dei gjeldande interne retningslinene for godtgjersle i banken vart revidert og vedtekne av styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk 21.06.2018, styrevedtak 71/18. Godtgjersleordninga i banken blir gjennomgått årleg av banken sin internrevisor. Internrevisor i 2023 var EY.

Rekneskapen

Framleis drift

Styret i banken stadfestar at alle føresetnadane for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagd under desse føresetnadane. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Rapportering etter IFRS

Rekneskapen er sett opp etter IFRS med mindre noko anna følgjer av årsrekneskapsforskrifta.

Resultatrekneskapen

Resultatet etter tap og skatt vart i 2023 97,852 mill. kroner før andre inntekter og kostnader. Etter andre inntekter og kostnader er resultatet 96,750 mill. kroner. For samanlikning med tidlegare år viser vi til nøkkeltalsrapporten. Prosenttal er utrekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk er nøgde med resultatet for 2023. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god, der ei sterk forbetring i rentenettoen har gjeve eit godt bidrag.

Bankstyret meiner vi har eit resultat som sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst, men understrekar kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og for å kunne

halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:

Kr 3 500 000 til gåver, kr 93 249 698 til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 216,0 mill. kroner, ein auke frå året før på 51,2 mill. kroner. Rentenetto utgjør 2,41 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarende førre året var 1,99 %.

Auken i rentenettoen kan forklarast med at utlånsrentene har auka meir enn finansieringskostnaden til banken. Sjølv om det har vore ein markant auke i rentene på ekstern finansiering dei siste åra, klarar vi med god innskotsdekning å halde finansieringskostnadene på eit lågt nivå.

Utbytte

Vi mottok utbytte og andre inntekter av eigenkapitalposisjonar på 8,1 mill. kroner. Samarbeidende Sparebanker AS og SpareBank 1 Samspår AS blir bokført etter eigenkapitalmetoden i balansen. Utbytte vi mottek, blir ført mot verdiendring i selskapet. Sparebank 1 Lom og Skjåk sin resultatdel for desse selskapa i 2023 utgjør -1,9 mill. kroner.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 46,2 mill. kroner, som utgjør 0,52 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2022 var tilsvarende tal 47,8 mill. kroner og 0,58 %. Banken har hatt ein god auke i provisjonar for forsikring, sparing og betalingsformidling, medan provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt har gått ned med 4,0 mill. kroner som følgje av auka finansieringskostnader for boligkreditselskapet.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,56 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2022 var driftskostnadene på 1,44 %. Lønn og andre personalkostnader utgjør 0,72 % av gjennomsnittleg forvaltnings-

kapital, ein reduksjon frå 0,75 % i 2022. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha kostnadseffektiv drift av banken for å oppnå gode økonomiske resultat.

Tap

Resultatførte tap utgjør i sum 19,3 mill. kroner, i tillegg til 0,6 mill. kroner som gjeld tapsavsetningar til fastrentelån som blir bokført som verdiendring på utlån. Tapsavsetning i trinn 1 på bustadlån utgjorde ei attendeføring på 1,5 mill. kroner. Desse blir vurdert til verkeleg verdi på balansen og blir attendeført over andre inntekter og kostnader i resultatet. Banken har konstatert tap på til saman 13,7 mill. kroner i 2023, ein reduksjon i individuelle avsetningar på 4,0 mill. kroner og ein auke i gruppenedskrivningar på 10,7 mill. kr. Inngang på tidlegare konstaterte tap utgjør ei inntekt på 0,6 mill. kroner, og andre endringar ein netto inntekt på 0,5 mill. kroner. Netto resultatførte tap utgjør 0,22 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,18 % i 2022.

Grunna dei usikre økonomiske tidene fann banken det riktig i 2022 å endre vektene for at «worst-case scenarioet» skulle inntreffe. I 2023 har vi flytta alle utlån knytt til næringane «utvikling og sal fast eigedom», «oppføring av bygninger» og «kjøp og sal av fast eigedom» frå trinn 1 til trinn 2. Dette er gjort med bakgrunn i at dette er bransjar som har store utfordringar, og at utsiktene for marknaden for utvikling av bustader er svakt. Effekten på denne flyttinga utgjorde 7,0 mill. kroner.

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 9 074,9 mill. kroner, ein auke på 6,8 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2023 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 306,1 mill. kroner til 2 573,5 mill. kroner. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt utgjør 11 648,4 mill. kroner (11,6484 mrd.

kroner), ein auke på 887,1 mill. kroner sidan 2022.

Utlån og garantiar

Utlåna gjekk ned med 24,6 mill. kroner til 7 080,1 mill. kroner (7,0801 mrd. kroner), når vi ikkje tek omsyn til overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 7 viser fordeling mellom geografiske område.

Ved utgangen av 2023 utgjør garantiar 115,0 mill. kroner. Note 34 viser garantiar fordelt på garantitypar. Utlån til næringslivet er på 50,8 % av totale utlån (eks. lån i SpareBank 1 Boligkreditt). For 2022 var dette 46,2 %.

Den gjennomsnittlege utlånsrenta rekna av brutto utlån var 5,27 %. I 2022 var den 3,43 %.

Banken er medeigar i bustadkreditselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utferding av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkreditselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styremaktene og kredittratingbyråa. Ved å overføre denne typen lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet, jf. note 8.

Avsetningar til tap

Balansen viser samla tapsavsetjingar på 76,1 mill. kroner, ein auke på 7,6 mill. kroner sidan 31.12.2022. For kundar som er vesentleg kredittforringa, har banken gjort ei individuell avsetjing. Til saman utgjør dei individuelle avsetjingane for engasjement i denne kategorien 35,2 mill. kroner, ein reduksjon på 4,4 mill. kroner i 2023.

Innskot

Innskot frå kundar utgjør 6 820,8 mill. kroner (6,8208 mrd. kroner), som er ein auke på 519,0 mill. kr siste året, eller 8,2 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i store innskot. Ein del av dei større innskota er etablert med bindingstid. Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 2,49 %, tilsvarande for 2022 var 1,07 %.

Verdipapir

Behaldninga av renteberande verdipapir utgjer 588,9 mill. kroner. Av dette er 294,0 mill. kroner i rentefond. Forvaltninga av renteberande verdipapir som inngår i LCR-berekninga er sett bort til SpareBank 1 Kapitalforvaltning. Vi viser til note 25 for nærmare opplysningar om renteberande verdipapir.

Behaldninga av aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument utgjer 242,0 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar gjennom alliansesamarbeidet. I tillegg har vi eigardeler i tilknytt selskap og i felleskontrollert verksemd bokført med til saman 162,5 mill. kroner, sjå note 35.

Banken har behaldning av renteswappar på til saman 405 mill. kroner. Desse har ein netto positiv marknadsverdi på 18,2 mill. kroner. For verddivurdering av verdipapir viser vi til notane 22, 23 og 25.

Bokført endring i verdipapira og andre finansielle instrument viser for 2023 ein positiv resultateffekt med 22,7 mill. kroner. Av dette gjeld positiv verdiendring på fastrenteutlån 2,4 mill. kroner, positive verdiendringar og gevinstar på eigenkapitalinstrument 9,5 mill. kroner og positive verdiendringar og gevinstar på renteberande verdipapir på 11,0 mill. kroner. Verdiendringar på renteswappar gjev ein negativ resultateffekt på 0,2 mill. kroner.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen, der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjer eigenkapitalen nå 1,33 mrd. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitalandel på 14,64 %, rekna ved utgangen av året, mot 14,79 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital, kjernekapitaldekning og kapitaldekning utgjer 22,08 %. SpareBank 1 Lom og Skjåk konsoliderer eigardelar i SpareBank 1 Boligkreditt AS,

SpareBank 1 Kredittkort AS og SpareBank 1 Finans Midt Norge AS. Etter konsolidering av desse selskapa er rein kjernekapital 21,17 %, kjernekapital 21,31 % og kapitaldekning på 21,53 %.

Funding og likviditet

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Total eksponering og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Banken si gjeld ved utferding av obligasjonslån var 793,4 mill. kroner ved utgangen av 2023, ein reduksjon på 58,3 mill. kroner sidan utgangen av 2022. Obligasjonsgjeld som forfell i 2024, utgjer 216 mill. kroner. Gjennomsnittleg vekta løpetid på obligasjonsgjelda er på 1,7 år, jf. note 31.

Innskot målt mot netto utlån utgjer 97,1 % mot 89,40 % ved førre årsskiftet. Rapportert LCR pr. 31.12.2023 er 189 %.

Likviditetsrisikoen til banken er redusert gjennom god spreing av innlån på ulike marknader, innlånskilder og løpetider. Styret vurderer likviditetssituasjonen som god, og finansieringsmarknaden som velfungerande.

Revisor

Den eksterne revisoren til banken for regnskapsåret 2023 er PricewaterhouseCoopers AS. Banken har inngått avtale med EY AS om å levere internrevisjonstenester frå 2023.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

Eit mål for SpareBank 1 Lom og Skjåk er balansert risikoeksponering. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i primærmarknadsområdet. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at risikostyringa i banken er god, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningslinjer.

Kapitalkrav

I 2022 vurderte Finanstilsynet samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Dette resulterte i eit fastsett Pilar II-krav på 2,5 %. Vedtaksbrevet er offentleggjort på heimesida til Finanstilsynet.

Desse vurderingane, saman med krava i CRD-IV-regelverket, dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Styret meiner at banken er godt kapitalisert. Både rein kjernekapitaldekning og kapitaldekning har i heile 2023 vore godt over minstekravet, inkludert krav til Pilar II, i tillegg til kravet banken har til managementbuffer.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll har banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Finansiell informasjon, Pilar III, blir offentleggjort på heimesida til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegner frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av mogleg tapsutsette engasjement. Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med kvartalsvis oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret.

Styring av kredittrisiko tek utgangspunkt i kredittstrategi vedteken i styret.

Porteføljen for bedriftsmarknaden har gjennom 2023 hatt sunn vekst. Porteføljen for privatmarknaden har hatt flat volumutvikling i 2023. Dei estimerte nivåa for forventa tap, uventa tap og sannsyn for misleghald har hatt ei lav til moderat auke i 2023. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har ein risiko ved å vera med på utvikling av lokalt næringsliv, og ved at vi har store eigeomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde.

Andelen av misleghaldne engasjement er låg ved utgangen av året. Andelen engasjement i bedriftsmarknadsporteføljen i dei tre høgste risikogrubbene er noko høgare enn ved utgangen av førre året. For privatmarknaden har andelen vorte noko lågare gjennom 2023. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa, men vurderer den samla kreditt-risikoen som noko høgare enn ved inngangen til året på grunn av den usikre makroøkonomiske situasjonen.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN. Banken si eksponering mot valutalånsгарantiar er samla sett relativt låg. Denne eksponeringa har også vorte redusert mykje dei siste åra.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap som skuldast endringar i observerbare marknadsvariablar som renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoen for endringar i verdipapirprisar som skuldast endringar i generelle kredittprisar, blir også rekna som marknadsrisiko. Marknadsrisiko i SpareBank 1 Lom og Skjåk oppstår hovudsakleg frå investeringar i obligasjonar, sertifikat og aksjar og som følgje av aktivitet utført for å stø opp under bankdrifta, i første rekkje funding.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i strategi for marknadsrisiko vedteken i styret. Inntektene til banken skal i størst mogleg grad skapast i form av kundemargar. Da vil banken oppnå størst mogleg stabilitet og tryggleik i innteninga. Risikoaktiviteten knytt til handel i verdipapir vil skje innanfor rammer som er vedtekne til kvar tid, fullmakter og kredittliner til motpartar. Styret vurderer marknadsrisikoen til banken som akseptabel.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine etter kvart som dei har forfall. Likviditetsrisiko omfattar uføresette endringar eller svingingar i likviditetsbehovet. Døme på dette kan vera vekst i utlån og innskot, endringar i marknadsprisar, eller at kontraktfesta innskot kjem for seint eller ikkje blir noko av. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i Policy for likviditetsrisiko vedteken i styret. Policyen blir gjennomgått årleg, og skal sikre at banken har evne til å handtere kritiske situasjonar.

Det er inngått ei samarbeidsavtale i SpareBank 1 Alliansen som forpliktar den einskilde banken til å hjelpe andre bankar i alliansen ved eventuelle finansieringsproblem. I 2023 har denne avtala ikkje medført eksponering.

Likviditetsrisikoen er primært knytt til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån og/eller reduksjon i innskot. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eigne lån i marknaden,

og med det redusert likviditetsrisikoen.

Det er dagleg oppfølging og vurdering av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar.

Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i Policy for operasjonell risiko, som blir revidert av styret minst ein gong kvart år. Prosessen for styring av operasjonell risiko skal gjera at operasjonelle hendingar i SpareBank 1 Lom og Skjåk ikkje skal kunne skade den finansielle stillinga til banken i alvorleg grad. Det blir gjennomført risikovurderingar knytt til tenester, system og ved vesentlege endringar i eksisterande produkt og system før implementering ifølgje styrevedteken rutine. Det er fokus på samarbeid i SpareBank 1-alliansen, som skal å sikre god og stabil drift av IT-system. Banken har etablert database for registrering og oppfølging av forbetringstiltak knytt til uønskte hendingar. Den generelle auken i svindelaktivitet i samfunnet har medført ein auke i risikoen for operasjonelle tap.

Styret meiner at den operasjonelle risikoen til banken er innanfor akseptable grenser.

Strategisk risiko

Måten vi driv banken på, den desentraliserte avgjerdsprosessen og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. SpareBank 1 Lom og Skjåk er i mindre grad eksponert for strategisk risiko. Banken tok i 2019 til å leige eit lite kontorlokale i Oslo for å betene fjernkundemarknaden i området. Kontoret vart først bemanna av folk frå avdelingskontora i Nord-Gudbrandsdalen. Ved utgangen av 2023 er det totalt tre tilsette med fast arbeidsstad ved kontoret i Oslo. Investering og risiko er førebels avgrensa, og styret vurderer risiko

knytt til etableringa som låg.

Compliancerisiko (risikoen for å ikkje etterleve lover og forskrifter)

Compliancerisiko er risikoen for at banken får bøter, andre strafferettslege sanksjonar, omdømmetap eller økonomisk tap som følgje av manglande etterleving av lover, forskrifter, offentlege pålegg og retningslinjer fastsett av styresmaktene. Styret meiner at banken har tilfredsstillande styring og kontroll med compliancerisikoen, og at eksponeringa banken har for slik risiko er forsvarleg.

Forretningsskikkrisiko («conduct risk»)

Forretningsskikkrisiko er risikoen for offentlege sanksjonar, straffereaksjonar, tap av omdømme eller økonomiske tap som følgje av at forretningsmetodar til banken eller åtferd av dei tilsette i vesentleg grad skader interessene til kundane eller integriteten banken har i marknaden. Regulering av finansbransjen har over tid utvikla seg til i stadig større grad også å omfatte regelverk for å beskytte kundar og forbrukarar. Forretningsskikkrisikoen er derfor nært knytt til compliancerisiko.

Sentrale verkemiddel for å sikre god forretningskikk omfattar m.a. etiske retningslinjer, interne informasjons- og opplæringstiltak, gjennomføring av risikoanalysar, system for handtering av kundeklager og ein formålstenleg varslingskanal. Ved etablering eller endring av produkt og tenester skal det gjennomførast naudsynt kvalitetssikring før lansering. Påskjønningss- og godtgjeringsordningar skal utformast slik at ønskt åtferd blir sikra og fremma.

Styret meiner at banken har ei forsvarleg eksponering for forretningsskikkrisiko.

ESG-risiko

ESG står for «Environmental, Social and Governance», og kan omsettast til miljø, sosiale forhold/rettar og selskapsstyring.

ESG blir brukt som metode til å vurdere og rangere selskap etter kor godt dei gjer det med tanke på påverknad av miljøet, sosiale forhold og rettार i og rundt selskapet, og kor

god selskapsstyring er på å ta i vare alle interessentane i og rundt eit selskap. Tanken bak ESG er at risikoen på investeringane kan reduserast og gjera det mogleg å skapa ei meir berekraftig og langsiktig avkastning. Dette er konsekvenstenking som går ut over «her og nå». Det betyr å inkludere miljøomsyn, sosiale utfordringar og god eigarstyring.

ESG-risiko for banken kan vera:

- (E) Endring i natur-, klima- og/eller miljøforhold som har direkte eller indirekte negativ effekt for banken.
- (S) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventningar marknaden har til menneskerettar, arbeidstakarrettar og god forretningsskikk.
- (G) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventning marknaden har når det gjeld styring og kontroll.

Banken er hovudsakleg indirekte eksponert for ESG-risiko via kundane sine. Kundar med høg ESG-risiko kan til dømes gje auka utlånstap på grunn av reduserte panteverdiar, eller på grunn av forringa forretningsmodellar og redusert beteningsevne. Det er i framtida truleg at det i tillegg kjem kapitalkrav knytt til ESG-risiko. SpareBank 1 Alliansen har utarbeidd ei felles løysing for rapportering av ESG-risiko knytt til kredittgjeving av næringslivsengasjement. Denne løysinga vart teken i bruk i 2021.

Ein vesentleg del av utlåna til bedriftsmarknaden er knytt til eigedom og landbruk. Banken er dermed spesielt eksponert for den ibuande ESG-risikoen til desse bransjane. Det er likevel avgjerande at banken samarbeider med kundane om å halde ESG-risikoen knytt til kvar kunde på eit akseptabelt nivå.

Temaet er under kontinuerleg oppdatering, og forhåpentlegvis vil dette føre til stor og positiv påverknad overfor kundar og samarbeidspartnarar.

Arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot

Banken har gjennom arbeidet med antikvitvasking som formål å førebyggje og avdekkje transaksjonar med tilknytning til ulike former for økonomisk kriminalitet, som kvitvasking, terrorfinansiering, omgåing av sanksjonsregelverket, bedrageri og svindel.

Økonomisk kriminalitet undergrev integriteten til det finansielle systemet, og er ein trussel mot velferdssamfunn og sunt næringsliv. Det vil alltid vera ein risiko for at bankprodukt og tenester kan bli forsøkt misbrukt til å kvitvaske midlar som stammar frå kriminell verksemd. Dette er ein vedvarande trussel som vi arbeider målretta med å motverke.

Gjennom løpande vurderingar og den årlege verksemdinnretta risikovurderinga, kartlegg banken kva risikofaktorar vi må ha spesiell merksemd på. Risikovurderinga legg grunnlag for bankens policy, rutinar og arbeidet som blir gjort innanfor området. Alle kundetiltak og aktivitetar for å redusere risiko i verksemda skal vere risikobasert. Dette sikrar at banken brukar ressursane sine så effektivt som mogleg.

I retningslinene til banken er det lagt vekt på relevant og kontinuerleg opplæring på antikvitvaskområdet. Kompetanse hjå alle tilsette i banken er ein føresetnad for å at banken etterlever regelverket og har god kvalitet i dette arbeidet. Det er krav om årlege opplærings- og oppdateringstiltak for alle tilsette i banken, med eit særskilt opplegg for kundesrådgjevarar på person- og bedriftsmarknaden. Det er også eit krav at styre-medlemmene gjennomfører eit tilpassa opplæringsopplegg. Dette har bidrege til å skjerpe fokuset og forbetre kompetansen hjå tilsette når det gjeld antikvitvasking.

Vi ser ein auke i svindel og svindelforsøk mot bankkundane, som fører til at pengar hamnar hjå kriminelle aktørar. Banken har i 2023 tilsett ein person som arbeider fulltid med antisvindel.

Svindel heng tett sama med kvitvasking. Utbytte frå bedrageri må i dei fleste tilfelle kvitvaskast. Svindel og svindelforsøk mot kundane våre blir meir avansert og utbreidd for kvart år. Svindeltypar som kundane blir utsett for, er blant anna kjærleikssvindel, investeringsbedrageri, direktørsvindel, falske fakturaer og ulike typar phishing. Vi har sett ein auke i saker der kriminelle aktørar har misbrukt kunden sin tilgang til mobil- og nettbank. Økonomisk tap for kunden som følgje av svindel er tap for banken og samfunnet fordi det gir inntekter til kriminelle. Banken jobbar heile tida med førebygging og handtering av svindelsaker. Fleire svindelforsøk er avverja grunna bankens overvaking og oppfølging. Banken har skarpt fokus på å ha samtaler med kundar som er offer for svindel.

Banken erkjenner sitt viktige samfunnsansvar. Gjennom etterleving av lovverk og plikter skal banken arbeide systematisk og målretta for å førebyggje, avdekkje og hindre (for å variere ordbruken) at banken blir nytta til økonomisk kriminalitet.

Banken undersøker og rapporterer kvart år ei rekkje mistenkjelege transaksjonar til Økokrim. Kapasiteten knytt til arbeidet med økonomisk kriminalitet har auka sist år, og det har vore høgare innrapportering av saker i 2023 i forhold til tidlegare år. Banken har eigne, dedikerte ressursar som arbeider med antikvitvaskopp-gåver og anti-svindel. I tillegg har ein medlem av leiargruppa antikvitvaskansvaret i banken.

Arbeidet med elektronisk overvaking av transaksjonar er utkontrahert til felles AKV-eining i SpareBank 1 Utvikling DA, og dette arbeidet blir stadig styrka. Overvaking blir gjennomført kontinuerleg basert på verksemdspesifikke risikovurderingar.

Tiltak skildra ovanfor har gjort at arbeidet er meir profesjonalisert, med skarpere fokus og betre kompetanse hjå tilsette innanfor AKV-området. Ikkje minst gjeld dette arbeidet mot identitets-tjuveri, svart økonomi og terrorfinansiering. Arbeidet vil framleis ha høg prioritet i 2024.

Personvern

Banken forvaltar store mengder persondata, og det blir stilt strenge krav til handsaming av kundeinformasjon. Auka digitalisering set også stadig større krav til sikkerheit og vern av enkelt-individ, slik at personvernet blir teke vare på ved utvikling av tenester og produkt.

Personvern i bank handlar om å sikre naudsynt konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit til alle personopplysingar som er eigd, handsama eller forvalta av banken. Banken har policy, retningslinjer og rutinar for behandling av personopplysningar som skal sikre at vi etterlever personvernregelverket.

Banken har utpekt eit personvernombod som legg til rette for ansvarleg behandling av personopplysingar. Personvernombodet gjev råd til administrerande banksjef om personvern-arbeidet i banken. Alle marknadsføringskampanjar som blir gjennomført i regi av banken, blir også kontrollert av personvern-ombodet med tanke på etterleving av personvernregelverket. Nye tenester og produkt blir risikovurdert før implementering.

Personvernombodet deltek i risikovurderinga i alle implementeringar der det er behandling av personopplysningar.

Banken sørgjer for at brot på personvernregelverket bli handsama raskt og meldt til Datatilsynet i tråd med personvernforordninga.

Informasjonstryggleik

På line med andre bankar og organisasjonar i sektoren, står vi overfor stadig nye utfordringar knytt til cyberkriminalitet og nettbaserte angrep. I et nært samarbeid med SpareBank 1-alliansen held vi fram vårt engasjement for å kontinuerlege forbetre våre tryggingstiltak og tilby relevant opplæring til våre tilsette.

Kva vart gjort i 2023?

- Gjennomført sikkerhetsopplæring for alle tilsette
- Tilsett fagansvarleg for IKT-Sikkerheit
- Vurdert risiko av eksisterande og nye produkt og tenester
- Gjennomgått rutinar for handtering av hendingar

Kvifor er dette av betydning for organisasjonen vår?

Nasjonal sikkerhetsmyndigheit (NSM) og Politiets sikkerheitsteneste (PST) rapporterer om aukande digital utpressing og sabotasje, og dette avspeglar ein aukande trussel i vårt totale risikobilde. Sjølv om vi i løpet av 2023 registrerte avgrensa hendingar knytt til informasjonstryggleik, held vi frå arbeidet med å sikre systema våre og tenester for kundar og tilsette i 2024.

I samarbeid med SpareBank 1-alliansen har vi gjennom 2023 etablert ytterlegare system og kontrollar for å redusere både sannsynet og konsekvensane av digitale truslar. Vi har spesielt fokusert på å gjennomføre risikovurderingar av produkt og tenester og auke dei tilsette sitt medvett om farane ved falske e-poster og phishing-forsøk.

Opplæring

Opplæring er en kritisk del av strategien vår. Gjennom året gjennomfører vi obligatorisk sikkerhetsopplæring for alle tilsette, gjennom SpareBank 1-alliansens haldningsprogram for informasjonstryggleik. I 2023 har vi spesielt hatt søkjeljos på å styrke generell kompetanse innan informasjonstryggleik og gjennomført målretta testing av ferdigheiter. Våre kurs har spesielt retta seg mot e-posttryggleik og sosiale medium, i tillegg til rett varsling og handtering

av slike situasjonar.

Resultata av tiltaka våre er lovande, der over 90 % av våre tilsette nå har gjennomført alle kursa. Samanlikna med bransjestandardar har vi generelt sett betre resultat i testar gjennomført i løpet av året.

I eit lengre perspektiv

Digitale truslar vil framleis vera ein del av trusselbildet. Den teknologiske utviklinga krev kontinuerleg kunnskapsoppdatering og kompetansebygging blant våre tilsette. Vi vil halde fram med å byggje og vedlikehalde ein sterk sikkerheitskultur, som vil vera avgjerande for å handtere denne utfordringa. Strategisk forankring av sikkerheitstiltaka våre er tydelege, med klare retningslinjer og mål for å sikre trygge løysningar for kundar og tilsette. Vi held fram med å arbeide for å oppfylle desse måla og gjennomføre tiltak basert på anerkjente standardar og praksis.

Berekraft

I strategiplanen for perioden 2020–2023 heiter det at SpareBank 1 Lom og Skjåk vil ta eit tydeleg samfunnsansvar. Kundane vil ønskje å velja oss fordi vi er Fjellbanken. Då må vi ha eit aktivt tilhøve til miljø og berekraft i alt vi gjer. Vi har mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og vil forankre ein kultur for berekraftig verksemd både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar.

Det ligg i kulturen til ein lokal sparebank å finne gode løysingar for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet den er ein del av. Dette har vore ein naturleg del av historia til banken, og vi ønskjer å delta i og vera ein pådrivar for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet også i framtida.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har i mange år utarbeidd sin eigen klimarekneskap knytt til verksemda vi sjølv driv. Denne rekneskapen er omtala i eit eige kapittel i årsmeldinga. Vi kjøper klimavotar for å kompensere for

klimagassutsleppet vårt.

Vi ser også at vi gjennom den påverknaden vi har gjennom å yte finansiering kan vera ein bidragsytar til å påverke kva haldning kundane våre har til berekraft.

Finansiering

SpareBank 1 Lom og Skjåk har drive berekraftig utvikling av lokalsamfunna våre i snart 150 år. Å yte lån til kundar, både næringsliv og privatkundar, er kjerneverksemda til banken. Gjennom utlånsvksemda vil vi bidra til lokal verdiskaping for at regionen vår skal vera eit attraktivt område for dei som bur og driv næringsverksemd her.

Gjennom å yte finansiering har vi stor kraft til å påverke, og vi kan derfor vere ein pådrivar for omstilling både for næringsliv og personkundar i berekraftig retning.

Det er krav om at ESG-risiko (miljø, sosiale forhold/rettar og selskapsstyring) skal vurderast for låneengasjement over eit visst nivå.

SpareBank 1-bankane har utarbeidd og teke i bruk ei felles løysing for rapportering av ESG-faktorar knytt til kredittgjeving. Ei ny og forbedra løysing vil bli implementert i starten av 2023. Ved bruk av denne løysinga vil vi gjera kundane meir medvetne ved å stille relevante spørsmål og å ha dialog om temaet.

Vi har etablert låneproduktet «Fjellbanken Energilån», som gjev kundane gunstige finansieringsvilkår dersom dei ønskjer å gjera energisparande tiltak i næringsbygg, bustad eller fritidsbustad. Fjellbanken Energilån kan ytast både til privatpersonar og næringskundar.

Sparing og plassering

Alle bankane i SpareBank 1-alliansen har etablert berekraft som fokusområde i eigne verksemdar, og styret i SpareBank 1 Utvikling har vedteke følgjande berekraftambisjon:

«Alle felles selskaper integrerer berekraft i sine virksomheter. Vi skal levere godt på berekraftsratinger og beholde posisjonen hos forbrukerene som den banken som oppleves mest berekraftig.»

SpareBank 1 skal til kvar tid arbeide i samsvar med norsk lov. Arbeidet vårt blir styrt etter klare prinsipp og høge forventningar innan berekraftsområdet. SpareBank 1 har omfattande rutinar for å motarbeide kvitvasking og skjulte eigartilhøve, og ønskjer å bidra til at forretningskontaktane legg vekt på miljø, klima, sosiale tilhøve og ansvarleg eigarstyring og selskapsleiing.

Alle tilsette som gjev råd til kundane, eller på ein eller anna måte har noko å gjera med fondsforvaltninga vår, skal kjenne til prinsippa og skal gjennomgå retningslinene årleg. For nærmare opplysningar viser vi til «retningslinjer for ansvarlig distribusjon av verdipapirfond i SpareBank 1», som du finn på fjellbanken.no

SpareBank 1 Lom og Skjåk investerer også deler av overskotslikviditeten i verdipapirmarknaden. Det aller meste av dette er plassert i investeringar i stat- og statsgaranterte papir, obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) og norske og nordiske kommunar. Vi har sett bort delar av forvaltninga av verdipapirporteføljen til SpareBank 1 Kapitalforvaltning. Det var viktig for oss ved val av leverandør av denne tenesta at leverandøren hadde eit aktivt forhold til berekraftsarbeid.

Tilsette

Leiargruppa

Dei fem i leiargruppa til Fjellbanken har ulik kvalitet, styrke og kompetanse, og utfyller kvarandre godt. Felles er at dei brenn for utvikling av Fjellbanken, for lokalmiljøet og berekraftig vekst. Saman med dei andre tilsette og mellomleiarane utgjer dei eit lag vi stolt kallar for Fjellbanken.

Medarbeidarane våre

Dei viktigaste ressursane i Fjellbanken er engasjerte og dyktige medarbeidarar. Dei er kvar dag med på å skapa resultatet, både for banken og lokalsamfunnet. Vi ser at omstillingsevne og kontinuerleg utvikling er avgjerande for å møte kundane i framtida, og med det også konkurransekrafta til banken. Derfor er oppdatert fagkompetanse og digital kompetanse

kombinert med endringsevne vesentleg for dei tilsette i framtida. Tilrettelegging av strukturert kompetanseutvikling er eit viktig tiltak. Samstundes er arbeidsoppgåvene til kvar einskild ein god læringsarena. En stor del av utviklinga og læringa skjer i det daglege. Dette byggjer på god læringskultur og medvit om kva og korleis ein lærer. Systematisk kunnskapsdeling er ein viktig del av dette.

Som følgje av nye oppgåver og nye måtar å utføre prosessar på, skal kompetanse utviklast etter kvart som behov oppstår. Verkemidla er både utvikling av tilsette vi alt har og rekruttering av nye medarbeidarar. Det blir ved behov gjort løpande justeringar av banken. Vi har fleire tilsette som har passert 60 år, som blir følgt opp gjennom seniorsamtaler. Vi har hatt interne justeringar, og vi har fått fleire nye leiarar. Det er gledeleg å sjå at banken har mange engasjerte og dyktige tilsette som ønskjer ansvar og utvikling, og difor gjerne tek på seg andre roller og anna ansvar.

Det er vesentleg for banken å vera ein attraktiv arbeidsplass, noko som også er nedfelt i strategiplanen. Dette er viktig både for å behalde viktig kompetanse og knyte til seg folk med ønskt kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar. For å klare dette er det viktig å tenkje framover. Skal regionen lykkast med å trekkje til seg talent, er vi avhengige av å arbeide langsiktig saman, på tvers av næringar og kommunegrenser. Dette ønskjer Fjellbanken å vera ein del av.

Banken hadde gjennom året både avgangar og nyttilsetjingar. Ved utgangen av 2023 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 67 fast tilsette ved dei fem kontora. Dette utgjer til saman 65,8 årsverk. Vi har i 2023 fått åtte nye medarbeidarar. Det er rådgjevar kundesenter BM Oda Jonsdotter Brennhau, finansrådgjevar Simen Bø (avd. Oslo), finansrådgjevar Erland Einbu Wigenstad, finansrådgjevar Erlend Ernst Blakstad Sivertsen (avd. Oslo), kundevert/rådgjevar kundesenter Sigrid Skjelkvåle Aaboen, fagansvarleg IKT-sikkerheit Einar Eimhjellen, finansrådgjevar Morten Christensen og avdelingsleiar Oslo Hans Kristian Bergheim.



Unni Strand

*administrerende
banksjef*

Unni har vore adm. banksjef for Fjellbanken sidan 2016. Ho er utdanna handelsøkonom og har ei rekkje kurs innan organisasjon og leiing, med brei erfaring frå både kommunal og privat verksemd. Ho har hatt ulike leiarstillingar, m.a. i DNB.



Anne Kjæstad Veggum

*leiar Forretnings-
utvikling, økonomi
og finans*

Anne har vore i Fjellbanken sidan 2016 og har sete i leiargruppa sidan 2018. Ho er stats- autorisert revisor og tok til i Fjellbanken som RiskController i 2016, etter ni år i EY.

*Anne har også NK-
funksjon.*



Ingrid Vassmo Sulheim

konstituert leiar HR

Ingrid starta i Fjellbanken i 2016 og vart konstituert inn i leiargruppa i 2023. Ho er utdanna innan økonomi, administrasjon og destinasjons- utvikling.

Ingrid tok til på HR-avd. i banken i 2016 etter 10 år ved økonomi- avdelinga i Lom kommune.



Arne Bjørgen

*leiar Kundar og
marknad*

Arne tok til i Fjellbanken hausten 2021. Han har bedriftsleiing frå BI og har, etter 20 år med kunden i fokus, nyttig erfaring og kompetanse. Med sitt samfunnsengasjement, sin sosiale og utovervendende framtoning og med drivkrafta si, leiar han alle kunderetta funksjonar i banken.



Sindre Vangen

*fagansvarleg Risk
og compliance*

Sindre har vore i Fjellbanken sidan 2017, og vore ansvarleg for risk og compliance sidan 2021. Han er utdanna sivilingeniør i industriell økonomi og teknologileiing. Sindre har fleire års arbeidserfaring frå DNB og frå rådgjevande ingeniørfirma innanfor olje og gass. Han likar spesielt å arbeide med kvantitative analyser.

I banken er 25 av medarbeidarane autoriserte innan godkjenningssordninga for kreditt, 21 autoriserte innan godkjenningssordninga for skadeforsikring, 23 autoriserte innan personforsikring og to autoriserte innan skade- og personforsikring næring. Etikk og god rådgjevingsskikk blir godt forankra gjennom autorisasjonsordningane.

Auka kompetanse vil ytterlegare forsterke kvaliteten i rådgjevinga og dialogen med kundane. Både leiinga og styret i banken set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Utgreiing om likestilling og diskriminering

I tråd med lov om likestilling og diskriminering pliktar banken å arbeide aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen. Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling, som vil vera i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal

arbeide målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Korkje styret eller administrasjonen er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.

Rekruttering

Banken har godt omdømme som ein attraktiv arbeidsgjevar, og ønskjer å spegle samfunnet vi er ein del av. Det er eit mål at både kjønn er representert i balansert grad blant dei tilsette. Det blir lagt vekt på kompetanse og eigen-skapar i utvalsprosessar, utan omsyn til kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønns-identitet eller kjønnsuttrykk. Tilsetjingar blir gjort av fire medlemmer i tilsetjingsutvalet, noko som reduserer risikoen for diskriminering i tilsetjingsprosessar.

Styret er tilfreds med fordelinga mellom kvinner og menn i banken, og vil arbeide for å ha god kjønnsfordeling blant dei tilsette og i leiinga også i framtida.

Lønns- og arbeidsvilkår

Kriteria for fastsetjing av lønn er heller ikkje påverka av kjønn, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion eller livssyn. Målsetjinga om at det ikkje skal vera lønns-skilnad mellom kvinner og menn i banken for medarbeidarar i same type stilling, meiner vi er oppfylt. Det kan vera lønsskilnader mellom stillingar ut ifrå stillingsinnhald og krav til kvalifikasjonar.

Forfremjing

Det er ønskeleg at korkje kjønn, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion eller livssyn står i vegen for å få nye oppgåver og ansvar i banken. Dette kjem til syne til dømes ved at fleire fagansvarlege, mellomleiarar og medlemmer i leiargruppa er småbarnsforeldre og både kvinner og menn. Leiargruppa i banken er ved årsslutt 2023 samansett av to menn og tre kvinner. Styret er samansett av tre menn og tre kvinner.

Utviklingsmoglegheiter

Det er eit mangfald av stillingar og roller i banken, og dette gjer at mange tilsette skifter fagområde og ansvarsnivå i løpet av karrieren sin innerter i organisasjon. For å leggje til rette for dette er, det viktig at tilsette får tilgang til relevante kurs og etterutdanning der det er formålstenleg. Kriteria for å få tildelt kurs og vidareutdanning er ikkje påverka av kjønn, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion eller livssyn.

Tilrettelegging, samt moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv

Fleksibel arbeidstid kan nyttast i dei fleste avdelingane, med tilrettelagde ordningar for å kunne kombinere arbeid og familieliv i ulike livsfasar. Banken er fleksibel når det gjeld å innvilge permisjon og deltidsordningar for kvinner og menn som er i ein omsorgssituasjon.

Varsling

Banken har eigen rutine for varsling av kritikkverdige forhold. Dette gjeld alle former for trakassering og anna uønskt oppførsel – som mobbing,

seksuell trakassering, diskriminering, kriminelle forhold og forhold der liv og helse er i fare. Varsel som blir motteke, blir kvalitetssikra og vurdert før det blir vidaresendt til varslingsgruppa i banken.

For å styrke arbeidet for likestilling og ikkje-diskriminering ytterlegare, vart rammeverket for varsling av kritikkverdige forhold og varslingsplakat revidert i 2021. Det er også inngått avtale med EY for drift av ekstern varslingssteneste ved eventuelle kritikkverdige forhold.

Aldersfordeling	2023	2022
under 30 år	5	4
30 til 50 år	34	34
over 50 år	28	26
Totalt	67	64
Andel kvinner fordelt på stillingsnivå	2023	2022
Ledergruppa	60,0 %	75,0 %
Øvrige ledere	50,0 %	37,5 %
Øvrige ansatte	52,6 %	55,8 %
Kvinner i styret	50,0 %	50,0 %
Gjennomsnittleg lønn	2023	2022
Kvinner	681.109	638.187
Menn	741.499	713.464
Lønna til kvinner som del av lønna til menn	2023	2022
Ledergruppa	130,2 %	120,6 %
Øvrige ledere	93,1 %	95,2 %
Øvrige ansatte	91,0 %	83,9 %
Uttak av foreldrepermisjon	2023	2022
DAGSVERK		
Kvinner	81	262
Menn	14	47
Sjukefråvær	2023	2022
%		
Kvinner	8,1 %	4,7 %
Menn	4,2 %	3,3 %
Fråvær pga sjukebarn, inkl legemeldt fråvær og koronaføvær (dagar)	2023	2022
DAGSVERK		
Kvinner	27	27
Menn	6	6
Del av tilsette i deltid*	2023	2022
DAGSVERK		
Kvinner	20,0 %	14,3 %
Menn	3,1 %	3,4 %

*Alle blir tilsett i 100% stilling.

Styret meiner at banken har oppfylt krava til aktivitets- og utgreiingsplikta, omtala i likestillings- og diskrimineringslova.

Arbeidsmiljø

Banken har som mål å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar. Banken legg til rette for at balansen mellom arbeid, heim og fritid skal vera god for alle medarbeidarane. Banken ønskjer også å hjelpe dei tilsette med å oppretthalde god helse gjennom å stimulere til fysisk aktivitet.

Frå 2023 tok banken i bruk ei dynamisk organisasjonsundersøking der tilsette svarar elektronisk på rullerande spørsmål i arbeidssamanheng. På denne måten har arbeidsgjevar moglegheit til å følgje opp dei tilsette kontinuerleg og tett. Banken har eit omfattande og robust rammeverk for organisasjonen, som skal sørge for at arbeidstakarrettane blir oppfylt. Dette gjeld m.a. personalhandbok, HMS-handbok og etiske retningslinjer.

Banken har ulike utval for å sikre at desse retningslinjene, prinsippa, prosedyrane og standardane blir omsett til handling. Eksempel er tilsetjingsutval, arbeidsmiljøutval, tillitsvalde, verneombod og bedriftshelseteneste. Det blir utført internkontroll i samsvar med forskrift om systematisk arbeid for helse, miljø og tryggleik i verksemdar. Banken er medlem av «Falck Norge AS» og representant frå her deltek etter behov i møte i arbeidsmiljøutvalet. Alle utval har gjennomført møte i 2023. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2023.

Banken gjennomfører mål- og utviklingssamtaler kvart år, der naturlege tema er bl.a. arbeidsmiljø og trivsel. Basert på systematisk arbeid gjennom mål- og utviklingssamtaler håpar banken å oppretthalde det høge nivået på arbeidet med arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø. Banken ser ikkje vesentlege endringar i rammevilkåra for dette arbeidet i nær framtid.

Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt, til glede for den einskilde medarbeidar, kunde og bank.

Openheitslova

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (openheitslova) trådte i kraft 1. juli 2022. Lova skal sjå til at verksemdar har respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Kvar einskild har også rett til å få vite korleis vi som bedrift handterer negative konsekvensar av dette.

Menneskerettar

SpareBank 1 Lom og Skjåk har ikkje utarbeidd egne retningslinjer for tilsette og kundar på dette området. Risikoen for brot på menneskerettane er liten, da banken har forretningsdrift i Noreg, og med det opererer i samsvar med lover, reglar og konvensjonar. I staden for egne retningslinjer meiner banken å vera dekt gjennom etiske reglar, der hovudprinsippa sikrar korleis tilsette og tillitsvalde i banken skal opptre, og kva for haldningar som skal ligge til grunn for avgjerder i gjevne situasjonar.

Anstendige arbeidsforhold

Anstendig arbeid og økonomisk vekst er eit av fire utvalde berekraftsmål vi har ekstra skarpt fokus på. Dette gjeld direkte i eiga verksemd, gjennom innkjøp av varer og tenester og formidling av tenester og produkt gjennom samarbeidspartnarar og produktselskap.

Aktsemdsvurderingar og lokale innkjøp

Banken har etablert retningslinjer for lokale innkjøp som skal sikre at leverandørar og samarbeidspartnarar respekterer grunnleggjande krav til miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd. Ut over dette har SpareBank 1 Bank-samarbeidet DA på vegner av SpareBank 1-alliansen innarbeidd krav til at alle i alliansen skal halde seg innanfor menneskerettane i innkjøpsrutinane.

Innkjøpsrutinane til SpareBank 1 Gruppen krev at alle innkjøpsavtaler inkluderer eit vedlegg om samfunnsansvar. Det følgjer ei varslingsplikt frå leverandøren, og leverandøren blir også pålagt plikt til å følgje opp underleverandørar. Brot på vedtak om samfunnsansvar blir sett på som brot på kontrakten og kan gje grunnlag for heving av avtala. Les meir om oppfølging av leverandørar

i kapitel om «Berekraft i innkjøp». Styret meiner at banken handlar i tråd med forventingane i openheitslova.

Korrupsjon

Banken har nulltoleranse overfor korrupsjon. Dei etiske retningslinene i banken skal bidra til bevisstgjerung og etterleving av den etiske standaren som blir kravd. Dei etiske retningslinene for tilsette og tillitsvalde motverkar korrupsjon. Dette gjeld gaver, andre fordelar eller koplingar til seg sjølv eller nærstående, med tanke på tilsetjingsforhold eller verv. Etiske dilemma blir også forankra gjennom sertifiseringa av rådgjevarane innan sparing og investering. Registrerte tilfelle av forsøk på korrupsjon skal rapporterast i ein eigen hendingsdatabase. Det er laga ein eigen varslingsplakat med rapporteringslinjer i tillegg til omtale av varslung i dei etiske retningslinjene. Det er ikkje registrert brot på retningslinene knytt til korrupsjon.

Det ytre miljøet

All drift vil på ein eller annan måte påverke det ytre miljøet. SpareBank 1 Lom og Skjåk, Fjellbanken, har i fleire år utarbeidd klimarekneskap for å finne ut kor mykje utslepp av CO₂ drifta av fører med seg. Dette er gjort i samarbeid med CEMAsys.com AS. Banken sender opplysningar om papirforbruk, søppel, straumforbruk, reiseverksemd osv., og har fått attende ein rapport som viser kor mange tonn CO₂-ekvivalentar (tCO₂e) drifta av banken fører med seg. Rapporten frå CEMAsys.com AS er i sin heilskap attgjeven ein annan stad i årsmeldinga.

I 2023 vedtok banken strategiplan for 2023–2025. Der skriv vi at vi ønskjer å vere ein representant for ei berekraftig framtid i det lokalsamfunnet vi er ein del av, og ved å vere livgjevande legge til rette for vekst og utvikling i tråd med våre verdier.

Vi vil ta eit tydeleg samfunnsansvar. Kundane vil ønskje å velja oss fordi vi er Fjellbanken. Da må vi ha eit aktivt tiløve til miljø og berekraft i alt vi gjer. Vi har mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og vil forankre ein kultur for berekraftig verksemd både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar.

Slik vi ser det, er CO₂-utslepp den største negative påverknaden drifta av banken har på det ytre miljøet. 2023 er det 15. året SpareBank 1 Lom og Skjåk får utarbeidd klimarekneskap med hjelp av CEMAsys.com AS (tidlegare CO₂focus).

Berekraft i innkjøp

Berekraft i innkjøp handlar om medvettet leverandørane har om si leverandørkjede og arbeidet dei gjer for å redusere negativ påverknad på miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd i heile leverandørkjeda si. SpareBank 1 stiller krav til leverandørane om at dei har retningslinjer innan berekraft, og at desse skal omsetjast til handling.

Her følgjer eit samandrag av SpareBank 1 Utvikling (SB1U) sitt arbeid med leverandør-oppfølging innan berekraft: SB1U sine avtaler med leverandørar av varer og tenester består til dels av selskapet sine egne avtaler og allianseavtaler som bankane/selskapa nyttar. Avdeling for Allianseinnkjøp inngår leverandøravtaler på vegne av alliansen og følgjer opp berekraftsrisiko relatert til desse. SB1U forventar av sine leverandørar og forretningspartnarar at dei har et bevisst forhold til berekraftsrisiko i si eiga verksemd og leverandørkjede, og at dei aktivt og målretta arbeider for å redusere negativ påverknad av klima, miljø og sosiale- og forretningsetiske forhold. Vi stiller krav til leverandørane om at dei har retningslinjer innan berekraft, og at desse skal omsetjast til handling. Vidare blir det stilt krav om etterleving av lova om openheit, føring av klimarekneskap og plan for omstilling til netto null.

Arbeidet fram mot openheitslova

Allianseinnkjøp si leverandør-oppfølging innan berekraft har sidan 2019 vore basert på OECD sin rettleiar for aktsemdsvurderingar. OECD sine retningslinjer er berande i lova om openheit og plikta til å gjera greie for aktsemdsvurderingar, som trådte i kraft 30.06.2023.

Gjennom ei tidlegare risikobasert kartlegging av 249 eksisterande leverandørar prioriterte vi 12 leverandørar i 2022 som vart nærmare følgt opp mot etterleving av lova om openheit. Under er eit utdrag av aktsemdsvurderinga frå 2022.

Aktsemdsvurderingar

Aktsemdsvurdering for 2022 er offentliggjort på <https://www.sparebank1.no/nb/lom-skjaak/om-oss/samfunnsansvar/apenhetsloven.html>
Aktsemdsvurdering for 2023 vil bli offentliggjort innan 30.06.2024. Utdrag av aktsemdsvurderinga frå 2022:

- **Faktiske og potensielle negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold kartlagt og vurdert på følgjande måte:**
Følgje opp 12 utvalde leverandørar innan berekraft med djupne-undersøkingar. Leverandørane er innan kontormøblar, IT-utstyr, IT-tenester og konsulent- og bemanningsselskap. Dei vart valde på grunn av kriterium som risiko for neg. påverknad, moglegheit for å redusere risiko, størst omsetjingsvolum og kjerneverksemd.
- **Desse eigna tiltaka er sett i gang for å stoppe, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar:**
Utvalde leverandørar si manglande oppfølging av aktsemdsvurdering i forhold til OECD sine retningslinjer vart følgd opp med fristar for forbetring.
- **På denne måten følgjer vi med på gjennomføring og resultat av tiltak:**
Fristar for å rette manglar, oppfølgingsmøte m.m. der retting ikkje er tilfredsstillande.
- **På denne måten har vi kommunisert med interessentar og rettighetshavarane om korleis negative konsekvensar er handterte:**
Dette blir skildra i innspel til bankane sine årsrapportar og i kvartalsmøte med alliansen (Samarbeidsutval innkjøp) der oppnådde forbetringar blir rapportert.
- **På denne måten sørgjer vi for eller samarbeider om å rette opp att og erstatte der dette er nødvendig:**
Dei fleste leverandørane hadde retningslinjer m.m. på plass, medan 6 av 12 som ikkje hadde starta aktsemdsvurdering i høve openheitslova har utført dette etter attendemeldingar frå allianseinnkjøp. Alle leverandørane har nå dokumentert retningslinjer m.m. og gjort greie for aktsemdsvurderingar.

Alle dei 12 leverandørane har gjort greie for sine aktsemdsvurderingar. Oppfølginga av dette viser at leverandørane legg mest vekt på den generelle skildringa av verksemda si organisering, sitt driftsområde, sine retningslinjer osv. Det er færre opplysningar om faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar, som verksemdene har funne gjennom sine aktsemdsvurderingar.

Arbeid med berekraftig innkjøp i 2023

To av leverandørane har blitt følgd opp vidare. Det er ein større leverandør av IT-utstyr og ein større leverandør av IT-tenester. Både leverandørane vart orienterte om at vår vurdering av deira utgreiing er at det ikkje er lagt nok vekt på opplysningar om faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar, jf. openheitslova §§ 5 b og 5 c. Dei vart bedne om ei nærmare attende-melding på dette. Leverandøren av IT-utstyr vart i tillegg beden om å gjera greie for undersøkingar hjå ein av sine underleverandørar av elektroniske komponentar i Kina.

Leverandøren av IT-utstyr har gjeve meir konkret informasjon om faktiske funn i 2022 hjå seks underleverandørar i Asia som hadde «avvik knytt til indikatorar på moderne slaveri innan kostnader til rekruttering, reise, medisinsk behandling og opphald. Det var eitt tilfelle der pass og ei månadslønn vart halde attende og eitt tilfelle av tvungen overtid».

Leverandøren har i «samarbeid med Responsible Business Alliance (RBA) kravd at underleverandørane stoppar den ulovlege praksisen og følgjer opp med stadleg revisjon. Det er også attendebetalt om lag 0,8 mill. USD til 200 tilsette i 2022». Hjå underleverandøren i Kina var det «avvik for overtidsarbeid, bustonad og trygdeavgifter. Dette indikerer systemfeil i kontrollprosessane og er under oppfølging».

Leverandøren av IT-tenester har ikkje lett tilgjengeleg offentliggjort utgreiinga på sine nettsider slik openheitslova krev, men viser i staden til årsrapporten. Vi ser ikkje dette som tilstrekkeleg. Til dette uttalar leverandøren at «det er relevant å sjå utgreiinga saman med resten innhaldet i vår

Sustainability report, der fleire andre område også grip inn i vårt arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det blir vist til mellom anna kapittel om «responsible sourcing», «employee experience», «diversity and inclusion» og «cybersecurity & privacy».

Sjølv om det kan vera interessant å sjå utgreiinga frå leverandøren i samheng med anna informasjon om berekraftarbeid i årsrapporten osv., kan ikkje dette helt eller delvis erstatte utgreiinga, som skal gjerast lett tilgjengeleg på nettsidene deira. I tillegg skal det seiast at det ikkje er lett å sjå kva som faktisk er gjort greie for i årsrapporten og kva som er relevant tilleggsinformasjon, slik leverandøren har uttalt. Når det er sagt, ser vi det generelle arbeidet denne leverandøren gjer med berekraft som svært godt.

Berekraftsarbeid i innkjøp i alliansen

Allianseinnkjøp arbeider for auka bevisstgjeringskompetanse og etterleving av berekraft i innkjøp. Vi samarbeider særleg med berekraft- og innkjøpsmiljø i bankane og produktselskapa om dette. Vi nemner her fire område vi har arbeidd med i løpet av året:

- Intern rettleiing for berekraftige innkjøp
- Oppsummering om openheitslova – korleis ein enkelt kjem i gang
- Standard kontraktvedlegg om berekraft
- EU sitt berekraftdirektiv (CSRD – Corporate Sustainability Reporting Directive)

Både den interne rettleiinga og oppsummeringa om openheitslova er enkle rettleiingar som skal gjera det lett å koma i gang med berekraftarbeidet og lære undervegs. Vi har erfart at denne typen informasjon kan gjera det enklare å få til dette arbeidet. Bakgrunnen for at vi har prioritert desse tiltaka, er at vi ser at bevisstheit og kunnskap om berekraft i innkjøp må lenger ned i organisasjonen. Det er der behovet for innkjøp oppstår at berekraftvurderingar må starte. Målet er at berekraftvurderingar skal gjerast så tidleg som mogleg i innkjøpsprosessar, og at tilsette blir meir sjølvgåande i dette. Oppsummert om openheitslova er Allianseinnkjøp sine erfaringar

i kort form, til bruk for den som finn det nokså vanskeleg å starte med aktsemdsvurderingar. Standard kontraktvedlegg om berekraft er revidert, med m.a. krav om etterleving av openheitslova og forventning om at leverandørar fører klimagassrekneskap og viser til plan for omstilling til netto null i si verksemd. Vedlegget blir brukt når nye kontraktar blir inngått

Bankane og produktselskapa forventar at SB1U rapporterer på innkjøpsområdet i høve til EU sine standardar for 2024 (jf. CSRD). Dette blir eit samarbeid der dei som har rapportbehovet, melder ønskt rapportområde til SB1U basert på eigen interessents- og vesentlegheitsanalyse. SB1U skal først rapportere sjølvstendig etter berekraftdirektivet for rekneskapsåret 2025.

Energi- og klimarekneskap 2023

Formålet med denne rapporten er å gje ei oversikt som viser klimagassutslepp (GHG-utslepp) i organisasjonen som ein integrert del av ein overordna klimastrategi. Ein klimarekneskap er eit viktig verktøy i arbeidet med å identifisere konkrete tiltak for å redusere energiforbruk og tilhøyrande GHG-utslepp. Denne årlege rapporten gjer organisasjonen i stand til å måle nøkkeltal og dermed evaluere seg sjølv over tid. Rapporten omfattar SpareBank 1 Lom og Skjåk, inkludert alle kontor og filialar.

Informasjonen som er nytta i ein klimarekneskap, kjem både frå eksterne og interne kjelder, og blir omrekna til tonn CO₂-ekvivalenter. Analysen er basert på den internasjonale standarden "A Corporate Accounting and Reporting Standard", som er utvikla av "the Greenhouse Gas Protocol Initiative" – GHG-protokollen. Dette er den mest brukte metoden verda over for å måle utslepp av klimagassar. ISO standard 14064-1 er basert på denne.

Klimarekneskap

SpareBank 1 Lom og Skjåk hadde i 2023 et totalt klimagassutslepp på 52,4 tonn CO₂-ekvivalenter (tCO₂e). Dette var ein auke på 30,7 tCO₂e, eller 141,3 %, samanlikna med 2022.

Utsleppskjelde	Forklaring	Forbruk	Eining	Energi (MWh)	Utslepp tCO2e	Utslepps- andel
Transport total				29,0	6,8	12,9 %
Diesel (NO)	Firmabil	2.976	liter	29,0	6,8	12,9 %
Scope 1 total				9,5	1,9	9,2 %
Elektrisitet, Nordisk miks		465.347	kWh	465,3	13,0	24,8 %
Elektrisitet, Nordisk miks	Kontor Oslo	3.480	kWh	3,5	0,1	0,2 %
Scope 2 total				468,8	13,1	25,0 %
Innkjøpte varer og tjenester total				-	0,8	1,6 %
Papir, resirkulert	Kontorpapir	630.0	kg	-	0,5	0,9 %
Elektriske gjenstandar - små	Mobiltelefonar	1.0	kg	-	-	-
Elektriske gjenstandar - små	Pc- skjermar	60.0	kg	-	0,3	0,6 %
Elektriske gjenstandar - store	Pc- skjermar	11.0	kg	-	-	0,1 %
Kapitalvarer total				-	15,4	29,4 %
Bil kompakt (elektrisk)	Elbil	1.0	Antal	-	14,4	27,5 %
Kontorstol (A1-3)	To stk. nye stolar	2.0	Antal	-	0,3	0,5 %
Bildekk	Dekk til Passat	4.0	Antal	-	0,1	0,2 %
Kontorpult (A1-3)	Nye skap	8.0	Antal	-	0,7	1,3 %
Drivstoff-og-energi-relaterte aktiviteter total				-	9,8	18,8 %
Diesel (WTT)		2.976	liter	-	1,9	3,5 %
Elektrisitet Nordisk miks (oppstraum)		468.828	kWh	-	8,0	15,2 %
Avfall total				-	0,5	1,0 %
Papiravfall til resirkulering	Papir levert på miljøstasjon	500	kg	-	-	-
Papiravfall til resirkulering	Papir levert til Giæx for makulering	881	kg	-	-	-
Elektronisk avfall til resirkulering	Skjermer, skrivarar ol levert på miljøstasjon	11.0	kg	-	-	-
Plastavfall til resirkulering	Returplast levert renovasjon	24.0	kg	-	-	-
Restavfall til forbrenning	Diverse etter rydding levert på miljøstasjon	50.0	kg	-	-	0,1 %
Restavfall til forbrenning		840.0	kg	-	0,5	0,9 %
Tenestereiser total				-	5,9	11,3 %
Flyreiser, innanlands		12	flyturar	-	0,9	1,7 %
Hotellovernattingar, Norden		226	netter	-	1,7	3,2 %
Km-godtgj.bil (NO)		45.482	km	-	3,1	5,9 %
Flyreiser, kontinental		2.0	flyturar	-	0,2	0,5 %
Scope 3 total		-			32,5	62,0 %
Total				497,8	52,4	100 %
KJ				1.792.132.970		

Marknadsbaserte utslepp i rapporteringsåret

Kategori	Eining	2023
Elektrisitet Sum (Scope 2) med Marknadsbaserte berekningar	tCO ₂ e	153,8
Scope 2 Sum med Marknadsbaserte straumberekningar	tCO ₂ e	153,8
Scope 1+2+3 Totalt med Marknadsbaserte straumberekningar	tCO ₂ e	193,1

Klimagassutsleppa i 2022 hadde følgjande fordeling:

Scope 1: 12,9 % (6,8 tCO₂e)

Scope 2: 25,0 % (13,1 tCO₂e)

Scope 3: 62,0 % (32,5 tCO₂e)

Åra før var utsleppa:

- 21,7 tCO₂e i 2022
- 20,8 tCO₂e i 2021
- 24,3 tCO₂e i 2020
- 46,5 tCO₂e i 2019

Scope 1

Transport: Faktisk forbruk av fossilt brensel til køyring (eigd, leigd, leasa). Bruk av diesel stod i 2023 for utslepp tilsvarande 6,8 tCO₂e. Det er ein auke på 26,7 % frå året før, og kjem av bruken av firmabilar. Utslepp knytt til transport var det einaste Scope 1-utsleppet for SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2023. Det har vore særstør aktivitet med mykje reiseverksemd i banken i 2023. Ein auke i scope 1-utsleppa var derfor venta. For å redusere desse utsleppa bytte derfor banken i desember 2023 ut ein fossilbil med ein elbil. Tilsette blir oppmoda om å bruke den bilen mest mogleg. Firmabilane banken har, er da to fossilbilar og ein elbil. Når dei to fossilbilane må bytast, blir dei også ev. bytt til meir miljøvennlege bilar.

Scope 2

Elektrisitet: Målt forbruk av elektrisitet i eigde eller leigde lokale/bygg. Tabellen viser klimagassutslepp frå elektrisitet utrekna med den lokasjonsbaserte utsleppsfaktoren Nordisk miks. Utsleppa frå elektrisitet har auka med 7,1 % samanlikna med 2022. Elektrisitetsforbruket har hatt noko auke i 2023, samanlikna med 2022 ved alle kontora med unntak av Oslo-kontoret. Årsaka til at Oslo-kontoret har eit lågare forbruk, er at SpareBank 1 Lom og Skjåk leigde eit mindre kontor enn året før, som resulterte i eit lågare

forbruk. Utsleppsfaktoren for Nordisk miks har i tillegg auka med 7,7 % samanlikna med året før, og bidreg også til auka utslepp for elektrisitet i 2023.

Elektrisitet med ein marknadsbasert faktor er presentert i tabell i denne rapporten. SpareBank 1 Lom og Skjåk har ikkje kjøpt opphavsgarantiar for elektrisitetsforbruket i 2023, og det marknadsbaserte utsleppet er derfor 153,8 tCO₂e i 2023. Praksisen med å presentere utsleppa frå elektrisitetsforbruk med to ulike utsleppsfaktorar er vidare forklart under Scope 2 i Metodikk og kjelder.

Klimakompensert Virksomhet

SpareBank 1 LOM OG SKJÅK

KLIMASERTIFIKAT 2024

CEMAsys' Klimasertifikat™ er herved utstedt som et bevis på kjøp av klimakvoter for frivillig kompensasjon for egne klimagassutslipp. Klimakvotene har blitt utstedt i tråd med de relevante standardene sine protokoller og kan spores i registeret med sitt unike serienummer. Dette forhindrer dobbelttelling og at de kan selges flere ganger.

Selskap	SpareBank 1 Lom og Skjåk
Kvotene dekker	Klimakompensert virksomhet 2023
Volum (tonn CO ₂ e)	53
Type	VER (Verified Emission Reduction)
Prosjektnavn	Gold Standard - Clean cookstove project, Ghana
Prosjektreferanse	https://registry.goldstandard.org/projects/details/306

Klimakvotene er permanent slettet fra markedet slik at de ikke kan benyttes igjen.
For mer informasjon, se prosjektbeskrivelsen.

Oslo, 29.01.2024

Kjetil Selmer-Olsen

CEMAsys.com

Årlege klimagassutslepp

Kategori	2021	2022	2023	% endring frå førre år
Transport total	1,9	5,3	6,8	26,7 %
Scope 1 total	1,9	5,3	6,8	26,7 %
Elektrisitet total	14,8	12,3	13,1	7,1 %
Scope 2 total	14,8	12,3	13,1	7,1 %
Innkjøpte varer og tenester total	0,4	0,3	0,8	184,2 %
Kapitalvarer total			15,4	
Drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar total			9,8	
Avfall total	0,1	0,1	0,5	585,7 %
Tenestereiser total	3,6	3,8	5,9	57,7 %
Scope 3 total	4,1	4,1	32,5	688,0 %
Total	20,9	21,7	52,4	141,3 %
Prosentvis endring		4,3 %	141,3 %	

Kategori	2021	2022	2023
Elektrisitet Sum (Scope 2) med Marknadsbaserte berekningar	111,5	125,4	153,8
Scope 2 Sum med Marknadsbaserte straumberekningar	111,5	125,4	153,8
Scope 1+2+3 Totalt med Marknadsbaserte straumberekningar	117,5	134,9	193,1
Prosentvis endring		14,8 %	43,1 %

Tabellen nedanfor viser det faktiske forbruket av straum på alle kontora til SpareBank 1 Lom og Skjåk i tillegg til firmaleigheita banken har i Tvedestrand:

- 468.827 kWh i 2023
- 471.568 kWh i 2022
- 473.391 kWh i 2021
- 443.245 kWh i 2020

Scope 3


Innkjøpte varer og tenester : I 2023 har SpareBank 1 Lom og Skjåk inkludert utslepp knytt til innkjøp av kontorpapir, og ei rekkje mindre og nokre større elektroniske apparat.

Utsleppa frå innkjøpte varer og tenester var på 0,8 tCO₂e for 2023. Dette er ein auke på 184,2 % samanlikna med året før. Årsaka til den store auken er at SpareBank 1 Lom og Skjåk har inkludert fleire innkjøpte varer (elektroniske apparat) i klimarekneskapen for 2023, som ikkje var inkludert i 2022. Trass i at prosentendringa er relativt høg, er utsleppa knytt til innkjøp av varer og tenester framleis låg, samanlikna med dei totale utsleppa.

Kapitalvarer: Dette er en ny kategori som SpareBank 1 Lom og Skjåk rapporterer på for første gong i 2023. I denne kategorien er inkludert utslepp knytt til innkjøp av en ny elbil og nye dekk til ein annan av firmabilane, og kontormøbel. Dei totale utsleppa for innkjøpte kapitalvarer tilsvara 15,4 tCO₂e, der 14,4 tCO₂e er knytt til el bilen.

Drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar: Dette er også ein ny kategori for SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2023. I motsetning til drivstoff rapportert i Scope 1 og elektrisitet rapportert i Scope 2, tek drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar høgde for utslepp knytt til utvinning, produksjon og transport av drivstoffet brukt i energiproduksjonen. Drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar tek også høgde for utslepp knytt til distribusjonstap når elektrisiteten blir frakta frå produksjonslokasjon, gjennom straumnett fram til sluttbrukar (rapporteringselskap). For SpareBank 1 Lom og Skjåk var dei totale utsleppa knytt til drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar 9,8 tCO₂e i 2023.

Årleg energiforbruk(MWh) Scope 1 & 2



Avfall: Rapportert avfall i kg fordelt på ulike avfallsfraksjonar, og behandlingsmetode (resirkulert, energiattvunne, deponert).

Avfall sto for eit utslepp på 0,5 tCO₂e i 2023, noko som tilsvarar ein auke på om lag 586 % samanlikna med året før. Sjølv om prosentauken er svært stor, er utsleppa frå avfall framleis minimale samanlikna med det totale utsleppet for 2023. Grunnen til den store auken er at det i 2023 har vorte rapportert inn mykje meir restavfall enn tidlegare år, noko som kjem av betre kvalitet på innhenta data. I tillegg har utslepps faktoren for restavfall til forbrenning auka med 9,8 % i 2023 i forhold til 2022, noko som også bidreg til høgare utslepp.

Forretningsreiser: Målt i talet på flyreiser per region, hotellovernattingar og km-godtgjering. SpareBank 1 Lom og Skjåk hadde 12 innanlands flyreiser, 2 kontinentale flyreiser og 226 hotellnetter

i Norden i 2023. Det er også rapportert inn km-godtgjering for 45482 køyrde km. Til saman utgjer dette eit utslepp på 5,9 tCO₂e. Samanlikna med året før er dette ein auke på 57,7 % tCO₂e. I 2023 har det vore ein auke innan alle område for tenestereiser. Som tidlegare nemnt har aktiviteten i banken vore særleg høg i 2023, noko som er ein del av årsaka til auken. I tillegg har medlemmane i styrande organ i banken vorte flinkare til å levere reiserekning på køyregodtgjering ved deltaking på møte.

Totalt sett for Scope 1, 2 og 3 ser vi ein auke på 30,7 tCO₂e, noko som utgjer 141,3 % samanlikna med 2022. Denne auken er hovudsakleg grunna auke i Scope 3 (frå 4,1 tCO₂e i 2022 til 32,5 tCO₂e i 2023 i Scope 3). SpareBank 1 Lom og Skjåk har i 2023 inkludert fleire Scope 3-kategoriar i klimarekneskapsrapporteringa, noko som fører til ein naturleg auke av utslepp. I tillegg har SpareBank 1 Lom og Skjåk klart å hente inn eit meir nøyaktig datagrunnlag for avfall, noko som også bidreg til ein liten auke i utsleppa. Det to nye Scope 3-kategoriane (kapitalvarer og drivstoff-og-energi-relaterte aktivitetar) står til saman for 25,2 tCO₂e av dei totale Scope 3 utsleppa. Dette utgjer ca. 78 % av alle Scope 3-utsleppa, og forklarar kvifor det har vore ein så stor auke i utslepp i 2023.

Metodikk og kjelder

GHG-protokollen er utvikla av «World Resources Institute» (WRI) og «World Business Council for Sustainable Development» (WBCSD). Analysen i denne rapporten er utført i samsvar med «A Corporate Accounting and Reporting Standard Revised edition», ein av fire rekneskapsstandardar under GHG-protokollen. Standarden omfattar følgjande klimagassar, som blir omrekna til CO₂-ekvivalenter: CO₂, CH₄ (metan), N₂O (lystgass), SF₆, NF₃, HFK og PFK gassar.

Årlege nøkkeltal og klimaindikatorar

Navn	2021	2022	2023	% endring fra forrige år
Scope 1 + 2 utslepp (tCO ₂ e)	16,7	17,6	19,9	13,0 %
Totale utslepp(S1+S2+S3) (tCO ₂ e)	20,9	21,7	52,4	141,3 %
Totalt energiforbruk Scope 1+2 (MWh)	487,9	498,2	497,8	-0,1 %
Sum energiforbruk per lokasjon (MWh)	478,4	471,6	468,8	-0,6 %

Denne analysen er basert på operasjonell kontroll-aspektet, som definerer kva som skal inngå i klimarekneskapen av driftsmidla i ein organisasjon, og fordeling mellom dei ulike scopa. Metoden skil mellom operasjonell kontroll og finansiell kontroll. Viss operasjonell kontrollmetode er nytta, inkluderer det utsleppskjelder som organisasjonen fysisk kontrollerer, men ikkje nødvendigvis eig. Ein rapporterer dermed heller ikkje over utsleppskjelder ein eig, men ikkje har kontroll over (f.eks. det er leigetakar som rapporterer straumforbruket i Scope 2, ikkje utleigar).

Klimarekneskapen er inndelt i tre nivå (scopes), som inneheld av både direkte og indirekte utsleppskjelder.

Scope 1 Obligatorisk rapportering inkluderer alle utsleppskjelder knytt til driftsmiddel der organisasjonen har operasjonell kontroll. Dette inkluderer all bruk av fossilt brensel for stasjonær bruk eller transportbehov (eigne, leigde eller leasa køyretøy, oljekjellar etc.). Vidare blir også ev. direkte prosessutslepp (av dei seks klimagassane) inkludert.

Scope 2 Obligatorisk rapportering av indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi (elektrisitet eller fjernvarme/-kjøling). Dette gjeld t.d. for bygg som er leigd og ikkje nødvendigvis eigde. Utsleppsfaktorane som blir nytta i CEMAsys for elektrisitet, er basert på nasjonale brutto produksjonsmiksar frå International Energy Agency's statistikk (IEA Stat). Når det gjeld utsleppsfaktorar på fjernvarme, blir enten faktisk produksjonsmiks basert på innhenta informasjon frå den einskilde produsent, eller gjennomsnittsmiksar basert på IEA statistikk (sjå kjeldetilvising), nytta.

I januar 2015 vart GHG-protokollens (2015) nye retningslinjer for utrekning av utslepp frå elektrisitetsforbruk publisert. Her vart det opna for todelt rapportering av elektrisitetsforbruk. I praksis betyr det at verksemdar som rapporterer sine klimagassutslepp, skal synleggjera både reelle klimagassutslepp som stammer frå produksjonen av elektrisitet, og dei marknadsbaserte utsleppa knytt til kjøp av opp-

havsgarantiar. Målet med denne endringa er på den eine sida å vise effekten av energieffektivisering og sparetiltak (fysisk), og på den andre sida å vise effekten av å inngå kjøp av fornybar elektrisitet gjennom opphavsgaranti (marknad). Da blir det sett ljøs på effekten av alle tiltak som ei verksemd kan gjennomføre knytt til forbruk av elektrisitet.

Fysisk perspektiv (lokasjonsbasert metode): Denne utsleppsfaktoren er basert på faktiske utslepp knytt til elektrisitetsproduksjon innanfor eit spesifikt område. Innanfor dette området er det ulike energiprodusentar som nyttar ein miks av energiberarar, der dei fossile energiberarane (kol, gass, olje) medfører direkte utslepp av klimagassar. Desse klimagassane blir reflektert gjennom utsleppsfaktoren og dermed fordelt til kvar einskild forbrukar.

Marknadsbasert perspektiv: Utrekning av utsleppsfaktor er basert på om verksemda vel å kjøpe opphavsgarantiar eller ikkje. Ved kjøp av opphavsgarantiar dokumenterer leverandøren at kjøpt elektrisitet berre kjem frå fornybare kjelder, som gjev en utsleppsfaktor på 0 gram CO₂e per kWh.

Elektrisitet som ikkje er knytt til opphavsgarantiar, får ein utsleppsfaktor basert på produksjonen som er att etter at opphavsgarantiane for fornybar del er seld. Dette blir kalla residual miks, og er normalt signifikant høgare enn den lokasjonsbaserte faktoren.

Scope 3 Frivillig rapportering av indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer eller tenester. Dette er utslepp som indirekte kan knytast til aktivitetar i organisasjon, men som går føre seg utanfor deira kontroll (av det indirekte). Typisk scope 3 rapportering vil inkludere flyreiser, logistikk/transport av varer, avfall, forbruk av ulike råstoff etc.

Generelt bør ein klimarekneskap inkludere nok relevant informasjon slik at den kan nyttast til avgjerder for leiinga i verksemda. For å få til dette, er det viktig å inkludere dei elementa som har økonomisk relevans og tyngde, og som det er mogleg å gjera noko med.

Framtida

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken legg vekt på vekst i forvaltningskapitalen. Målet er ein sunn vekst, på høgde med, eller over den generelle bankmarknaden. Vi skal prestere gode nøkkeltal, og gjennom dette sikre bankens sjølvstende framover. Gjennom vår strategiplan for perioden 2023–2025, har vi lagt eit godt grunnlag for det viktige arbeidet med å vidareutvikle banken i tida framover.

God resultatutvikling er òg viktig for å møte dei strengare regulatoriske krava til bankane. Styresmaktene sine krav om styrking av soliditeten, større likviditetsbuffer og auka kapitaldekning inneber at banken må søkje å bli enda meir kostnadseffektiv og ha ein framleis sunn utlånsvekst. Det er viktig at veksten i utlån ikkje påfører banken tap, og at vi har god kvalitet i kundeporteføljen.

Banken skal også i 2024 vera lønnsam og bidra til verdiskaping for tilsette, kundar og lokal-samfunn. Dette trass i ein usikker verdssituasjon og økonomisk utvikling både i inneverande år og lenger fram i tid. Det skjer store endringar

både innan finansbransjen og i samfunnet elles, og vi må ta ei aktiv rolle og gjere dei nødvendige endringane for å kunne følgje med på denne utviklinga.

Vår visjon er «lokalbanken din – der du er», og denne visjonen skal vi etterleva.

Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalde og dei tilsette for godt samarbeid i 2023. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken har lagt bak seg nok eit godt år, og dette er eit resultat av eit godt lagarbeid og ein sær sars god innsats frå den enkelte tilsette i banken. Eit solid og dyktig Fjellbanklag med stort engasjement og god kompetanse danner eit godt grunnlag for ei god utvikling i tida framover.

Vi har hatt eit sær aktivt år i 2023 der vi har markert SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt 150-års jubileum. Dette gjennom mange ulike arrangement gjennom heile jubileumsåret!

Lom, 31.12.2023/23.02.2024
Elektronisk signert

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Iselin Vistekleiven
Nestleiar i styret

Tordis Brandsar

Simen Kvamme Repp

Sigbjørn Oppheim

Hjòrdis Sletten

Unni Strand
Adm. banksjef

Resultat

Tall i hele tusen	Note	2023	2022
Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og finansforetak		39.473	7.985
Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringer på kunder		356.129	220.908
Øvrige renteinntekter		35.357	17.376
Sum renteinntekter og lignende inntekter		430.958	246.269
Rentekostnader beregnet etter effektivrentemetoden på innskudd fra og gjeld til kunder		167.255	55.775
Rentekostnader beregnet etter effektivrentemetoden på utstedte verdipapirer		40.653	20.930
Øvrige rentekostnader		7.066	4.818
Sum rentekostnader og lignende kostnader		214.973	81.523
Netto renteinntekter		215.985	164.746
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	16	46.194	47.752
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester	16	3.169	3.447
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter	17,35	5.972	25.938
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	17	22.700	-9.233
Andre driftsinntekter		370	338
Sum andre driftsinntekter		72.067	61.348
Lønn og andre personalkostnader	18,2	64.502	62.218
Andre driftskostnader	19,36	71.113	51.950
Avskrivninger	28,29	4.446	5.485
Gevinst/tap		0	-589
Sum driftskostnader	4	140.062	119.063
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller virkelig verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader	10	19.158	14.092
Kredittap på garantier og ubenyttede rammekreditter som ikke måles til virkeleg verdi over resultat	10	94	1.079
Sum kredittap på utlån, garantier og rentebærende verdipapir	4	19.252	15.171
Resultat før skatt og andre inntekter og kostnader	4	128.738	91.859
Skatt på resultat før andre inntekter og kostnader	21	30.886	16.715
Resultat etter skatt før andre inntekter og kostnader		97.852	75.144
Tap OCI reversering trinn 1 PM virkelig verddivurdering	10	-170	552
Skatteeffekt	21	367	-138
Sum andre inntekter og kostnader		-1.102	414
Totalresultat for regnskapsperioden		96.750	75.558

Balanse

Tall i hele tusen	Note	31.12.2023	31.12.2022
Konter og kontantekvivalenter	15,22,24	12.361	11.245
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og finansiseringsforetak	11,12,15,22,24	1.039.616	621.027
Netto utlån til og fordringer på kunder	4,7,9,10,11,12,15,22,23,24	6.954.637	6.983.240
Rentebærende verdipapirer	11,12,15,22,23,25	588.887	401.704
Finansielle derivater	11,15,22,23,26	18.202	17.977
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	22,23,27	241.978	216.158
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollert virksomheter	35	162.449	176.746
Eierinteresser i konsernselskaper	35	20	20
Varige driftsmidler	28,29	40.063	43.606
Andre eiendeler	30	16.676	22.183
SUM EIENDELER		9.074.889	8.493.906
Innskudd og andre innlån fra kunder	4,7,14,15,22,24	6.820.836	6.301.801
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	14,15,22,24,31	793.396	851.716
Finansielle derivater	11,22,23,26	0	0
Annen gjeld	29,32	99.932	60.564
Avsetninger	10,33	32.034	23.481
SUM GJELD		7.746.198	7.237.563
Sparebankens fond	5	1.324.829	1.244.426
Gavefond	5	3.862	11.917
SUM EGENKAPITAL		1.328.691	1.256.343
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		9.074.889	8.493.906
Garantier	7,34	115.023	109.349
Ubenyttede kreditter	7	370.831	408.677
Lånetilsagn		135.850	162.510

Lom, 31.12.2023/23.02.2024

Elektronisk signert

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Iselin Vistekleiven
Nestleiar i styret

Tordis Brandsar

Simen Kvamme Repp

Sigbjørn Oppheim

Hjørdis Sletten

Unni Strand
Adm. Banksjef


Kontantstrøm

Tall i hele tusen	2023	2022
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Netto utbetaling av lån til kunder	7.335	-501.373
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	372.165	225.861
Netto inn-/utbetaling av innskudd fra kunder	519.035	253.040
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder	-173.362	-59.900
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskudd kredittinstitusjoner	39.473	7.985
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	-178.327	75.772
Renteinnbetalinger på derivat, sertifikat og obligasjoner	19.321	12.423
Netto provisjonsinnbetalinger	43.025	44.305
Utbetalinger til drift	-87.733	-97.716
Betalt skatt	-22.062	-11.272
Utbetalte gaver	-11.215	-1.184
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	527.653	-52.059
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetaling ved investering i varige driftsmidler	-1.618	-186
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	2.875	3.241
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer	-56.749	-29.500
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdipapirer	-35	254
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	47.911	36.510
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	-7.615	10.319
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Utbetaling ved forfall av gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-184.000	-175.000
Innbetaling ved utstedelse av gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	125.000	250.000
Utbetaling av leieforpliktelse	-2.287	-2.307
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-39.045	-20.930
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-100.332	57.232
A + B + C Netto endring likvider i perioden	419.706	15.492
Likviditetsbeholdning 1.1	632.272	616.780
Likviditetsbeholdning 31.12	1.051.977	632.272
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Konter og kontantekvivalenter	12.361	11.245
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og finansieringsforetak	1.039.616	621.027
Likviditetsbeholdning	1.051.977	632.272

Egenkapital

Tall i hele tusen	Sparebankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2021	1.170.368	11.856	1.182.224
Periodens resultat	75.144		75.144
Overført til gavefond	1.500	1.500	
Utdelt fra gavefond		-1.439	-1.439
Andre inntekter og kostnader			
Endring i virkelig verdi utlån PM	414		414
Sum andre inntekter og kostnader	414		414
Totalresultat	75.558		75.558
Egenkapital 31.12.2022	1.244.426	11.917	1.256.343
Periodens resultat	97.852		97.852
Overført til gavefond	3.500	-3.500	0
Utdelt fra gavefond		11.555	11.555
Andel av IFRS17 og IFRS9 implementeringseffekt i felleskontrollert virksomhet*	-12.847		-12.847
Andre inntekter og kostnader			
Endring i virkelig verdi utlån PM	-1.102		-1.102
Sum andre inntekter og kostnader	-1102		-1.102
Totalresultat	96.750		96.750
Egenkapital 31.12.2023	1.324.829	3.862	1.328.690

* SpareBank 1 Gruppen sin implementering av IFRS17 og IFRS9 medførte en negativ implementeringseffekt via vårt eierskap i Samarbeidende SpareBanker AS som utgjør 12,4 mill. kroner som er ført direkte mot egenkapitalen. Overgangen innebærer en annen periodisering av inntekt der en større del av inntekten blir tatt ved levering av tjeneste til kunde.



Regnboge over Knutshøe. Garmo og Vårdalen.

Noter

NOTE 1 GENERELL INFORMASJON

SpareBank 1 Lom og Skjåk har forretningsadresse Sognefjellsvegen 4, 2686 Lom. Bankens organisasjonsnummer i Foretaksregisteret er 937 888 015. Banken opererer i Norge og reguleres av norsk rett. Banken har ett datterselskap; Verdigjenvinning Lom og Skjåk AS. Det er ikke utarbeidet bankregnskap inkludert datterselskapet ettersom de økonomiske størrelsene i Verdigjenvinning Lom og Skjåk ikke er av en slik størrelse at de vil påvirke bankens resultater eller balanse i vesentlig grad. Bankens virksomhet er vurdert som en samlet virksomhet, dvs. ett segment.

Presentasjonsvaluta

Presentasjonsvalutaen er norske kroner som også er bankens funksjonelle valuta. Alle beløp er angitt i tusen kroner med mindre noe annet er angitt.

Regnskapet ble godkjent av styret den 23.2.2024.

NOTE 2 VESENTLIGE REGNSKAPSPRINSIPPER

Grunnlaget for utarbeidelse av årsregnskapet

Regnskapet for SpareBank 1 Lom og Skjåk er satt opp etter Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak (årsregnskapsforskriften). Banken har valgt å utarbeide regnskapet etter årsregnskapsforskriften § 1-4 2.ledd b) hvilket innebærer at regnskapet utarbeides i samsvar med IFRS med mindre annet følger av forskriften. Banken vil unnlate å gi følgende notekrav etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det gis i stedet opplysninger om virkelig verdi i samsvar med forskriftens § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

IFRS standarder og fortolkninger som er vedtatt, men ikke trådt i kraft i 2023

Nye og endrede regnskapsstandarder og fortolkninger utgitt av IASB vil kunne påvirke konsernets fremtidige rapportering.

Det er ingen nye IFRS eller IFRIC-fortolkninger som er vedtatt, men som ikke er trådt i kraft, og som forventes å ha en vesentlig påvirkning på bankens regnskap.

Implementerte regnskapsstandarder

Banken har implementert endringene i IAS 1.117 om vesentlige opplysninger om regnskapsprinsipper. Utover det er ikke implementert nye regnskapsstandarder i 2023 som har hatt vesentlig effekt for årsregnskapet.

Finansielle eiendeler

